

Med språket som verktøy

*Ein kvalitativ sosiolingvistisk studie om språket
brukt i dramatikk*

Elise Sundfør Erdal



Masteroppgåve ved Institutt for lingvistikk og nordiske studier,
Det humanistiske fakultet

UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2013

Elise Sundfør Erdal

Med språket som verktøy

Ein kvalitativ sosiolingvistisk studie om språket brukt i
dramatikk

Masteroppgåve ved Institutt for lingvistik og nordiske studier,
Det humanistiske fakultet

UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2013

Copyright Elise Sundfør Erdal

2013

Med språket som verktøy

– ein kvalitativ sosiolingvistisk studie av språket brukt i dramatikk

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Denne oppgåva utforskar bruken av ulike varietetar i planlagt språkbruk, nærmare bestemt språket brukt i dramatikk. Problemstillinga tar for seg kva funksjon bruken av ulike språklege varietetar i dramatikk har, og kvifor desse har blitt valde, og kva språkhaldningar og språkideologi denne typen planlagt språk representerer og signaliserer.

I teoridelen blir det presentert ulike syn på bruken av språklege varietetar, og det blir gjort ein presentasjon av omgrepa språkhaldningar, stereotypiar, standardspråk, identitet og teorien om språk som varer på den lingvistiske marknadsplassen.

Metoden som har blitt brukt, er kvalitative intervju med ein dramaturg, ein programredaktør, regissørar, manusforfattarar og produsentar – menneske som arbeider med å ta avgjersler om språkformidling anten på radio, scenen eller tv eller film. Analysemetoden er ein kvalitativ innhaldsanalyse av dei transkriberte intervju med eit diskursanalytisk perspektiv.

I resultat- og analysedelen kjem ein presentasjon av dei ulike funksjonane språkvarietetar har. Desse ulike funksjonane er kategorisert i fire delar: Ein praktisk, ein realistisk, ein kunstnarisk og ein idealistisk og ideologisk kategori. Undervegs blir det diskutert kva dette seier om språkhaldningar og språkideologi. Resultata viser korleis bruk av språklege varietetar er eit verktøy for å byggje karakterar og understreke poeng i historia, og teiknar eit komplekst og nyansert bilete av kva for språklege og ikkje-språklege omsyn som verkar inn på avgjerslene om språkval.

Forord

Eg elsker å gå på teater, og når eg slappar av høyrer eg på radio og ser tv-seriar. Som dramatikkkinteressert språkstudent er eg naturlegvis opptatt av korleis folk snakkar, og korleis språket blir brukt. Til meir sosiolingvistikkk eg har studert, til meir interessert har eg blitt i kva som ligg til grunn for dei ulike språkvala i dramatikkk og andre former for planlagde språkframføringar. Kvifor blei dei ulike varietetane valde i akkurat dei ulike samanhengane, og kva ville ein vise eller oppnå med dette valet? Då eg skulle velje tema for masteroppgåva mi, var difor dette naturleg å utforske.

Eg vil først og fremst takke alle informantane mine: Else Barratt-Due, Steinar Berthelsen, Jørgen Strickert, Gjermund Stenberg Eriksen, Carl Henrik Grøndahl, Lasse Greve Alsos, Gunhild Nymo, og Nils Stokke som velvillig stilte opp og gjorde denne oppgåva mogleg. Tusen takk for all kunnskap og erfaringar dokker har bidratt med.

Ein stor takk skal også rettleiar Unn Røyneland ha for vennleg, konstruktiv og verdifull rettleiing gjennom heile prosessen. Tusen takk for motiverande og inspirerande møte!

Vidare vil eg takke familie og venner som meir og mindre tolmodig høyrer på meg når eg legg ut om språklege fenomen i tide og utide. Takk for støtte og oppmuntring.

Ein stor takk til Ane Elin, Maria og Hanne Beate for mange teaterbesøk opp gjennom åra. Tusen takk til Kathrine og Ida for korrekturlesing.

Oslo, mai 2013

Elise Sundfør Erdal

Innhald

1	Innleiing	2
1.1	Sosiolingvistisk tilnærming til språk	2
1.2	Bakgrunn for studien – kvifor studere planlagt språk?	3
1.3	Tidlegare forskning	4
1.4	Avgrensing av oppgåva og problemstilling	5
1.5	Omgrepsavklaringar	5
1.6	Oppbygging av oppgåva	6
2	Teori	7
2.1	Språkhaldningar	7
2.1.1	Korleis definere språkhaldningar?	7
2.1.2	Tillærte eller ibuande språkhaldningar?	8
2.1.3	Opne og skjulte språkhaldningar	9
2.2	Språkideologi	9
2.3	Sterotypiar	10
2.4	Standardtalemål	10
2.5	Språk som identitetsmarkør	13
2.6	Språk som vare – å kjøpe seg autentisitet	15
2.7	Oppsummering: ulike syn på språkbruk	16
3	Metode	17
3.1	Val av innsamlingsmetode	17
3.1.1	Om kvalitative intervju	17
3.1.2	Å måle språkhaldningar	18
3.2	Val av informantar	19
3.3	Innsamling av data	20
3.3.1	Etiske aspekt	20
3.3.2	Førebuing av intervju	20
3.3.3	Gjennomføring	21
3.3.4	Transkripsjon	21
3.4	Val av analysemetode	22
3.5	Reliabilitet og validitet	22
4	Resultat og analyse	24
4.1	Praktiske årsaker	24
4.1.1	Skilje karakterar frå kvarandre	24
4.1.2	Forståeleg varietet	25
4.2	Realistiske årsaker	26
4.2.1	Geolekt for å skape autentisitet	26
4.2.2	Sosiolekt for å skape autentisitet	29
4.2.3	Etnolekt for å skape autentisitet	30
4.2.4	Språklege varietetar som varer på den lingvistiske marknaden	31
4.2.5	Unngå brot med realismen	31
4.3	Kunstnariske årsaker	32
4.3.1	Språk i fantasiverder	32
4.3.2	Markere einskap eller kontrast	34
4.3.3	Språklege stereotypiar – ressurs eller byrde?	35
4.4	Ideologiske og idealistiske årsaker	40

4.4.1	Osломål – eit nøytralt språkuttrykk?.....	40
4.4.2	Identifikasjon, variasjon og mangfald	42
4.5	Oppsummering: Ulike funksjonar og haldningar til språk	46
5	Oppsummering og konklusjon	47
	Litteraturliste	49
	Vedlegg	54
	1. Informasjonsskriv til informantane.....	54
	2. Intervjuguide.....	56

1 Innleiing

Språket er ikkje ei nøytral eining. Sjølv om ulike språklege uttrykk refererer til det same, er det ikkje likegyldig kva måte ein vel å uttrykke noko på. Språket er ikkje kun eit verktøy for kommunikasjon, men har også ein symbolsk verdi, og nettopp dette er sjølve grunnpremisset i sosiolingvistikken. I dramatikkk kan ein nytte språket som eit verkemiddel på lik linje med scenografi, lydeffektar og kostyme for å skape ein annan verkelegheit anten det er realistiske illusjonar eller fantasiverder. Ulike språkvarietetar kan vere med å byggje karakterar, eller understreke poeng i historia, og ved å vise fram desse språkuttrykka i ulike samanhengar seier ein også mykje om haldningane som finst til desse varietetane. I denne oppgåva freistar eg å finne ut kva for forskjellige funksjonar ulike varietetar kan ha, kva som ligg til grunn for ulike språkval i ymse planlagde framføringar, og kva dette kan fortelje oss om språkhaldningar og språkideologiar.

1.1 Sosiolingvistisk tilnærming til språk

Den sosiolingvistiske retninga i språkvitskapen blei grunnlagt som ein moderne språkvitskapleg disiplin av den amerikanske språkforskaren William Labov på 60-talet. Sosiolingvistikken spring ut frå ideen om at det er ein samheng mellom språk og samfunn, og at ulike faktorar i miljøet rundt språkbrukaren påverkar korleis ein person snakkar. Språket representerer dermed samfunnet, og språklege uttrykksmåtar er ladde med sosial mening. Språkforskaren Brit Mæhlum skriv: ”Språket er intimt forbundet med alle former for sosiale, kulturelle, psykologiske og politiske aspekter som inngår i vår hverdag” (2003:11). Men språket representerer ikkje berre samfunnet, det gir også informasjon om språkbrukaren. Lingvisten Rajend Mesthrie formulerer det slik: ”Language is accordingly said to be indexical of one’s social class, status, region of origin, gender, age group and so on” (2000:6). Ein kan nytte språket til å signalisere kven ein er, korleis ein vil bli oppfatta, og for å signalisere kven ein ynskjer å markere tilhøyrse til. Sosiolingvisten Rosina Lippi-Green (1997:63) skriv: “[...] language is – among other things – a flexible and constantly flexing social tool for the emblematic marking of social allegiances”. Mesthrie (2000:4) skildrar samfunnsdelen i sosiolingvistikkk slik “[...] the social approach tries to account for what can be said in a language, by whom, to whom, in whose presence, when and where, in what manner and under what social circumstances”. Nikolas Coupland og Adam Jaworski (1997:1)

har ei kort oppsummering av omgrepet: "Sociolinguistics is the study of language in its social context and the study of social life through linguistics".

1.2 Bakgrunn for studien – kvifor studere planlagt språk?

For Labov (1972) var målet og idealet å skildre det spontane, naturlege, uanstrengte talemålet, som han omtalte som *the vernacular* eller *casual speech*, og som blei rekna som den "ekte" og "genuine" måten å snakke på. Fokuset i sosiolingvistikken har dermed ofte vore på det daglege talemålet, og dei gøymde underliggjande språkhaldningane som gjer seg gjeldande i slike situasjonar (men sjå Agnete Nesse (2007) som har sett på bruk av radiospråk for å analysere språkending). Eg ville sjå på språkbruk i den motsette enden av skalaen, og utforske språk og ytringar som er planlagt ned til minste detalj, der svært lite er tilfeldig, og alt er gjennomarbeida og gjennomanalysert. Eit slik språk finn ein i dramatikk og andre planlagde framføringar. Nokon vil heilt sikkert påpeike at planlagt språk jo nettopp er planlagt og dermed ei iscenesett verkelegheit. Kvifor skal det då vere interessant å forske på dette i motsetnad til det "naturlege" språket i den "verkelege" verda? Tenkjer ein derimot motsett, skal nettopp dramatikk og andre planlagde framføringar representere verkelegheita, og språket er nødvendigvis også knytt opp mot denne representasjonen. Samstundes har ein gjennom språket moglegheita til å skape ei verkelegheit; språket som blir nytta i dramatikk er dermed ikkje med på å berre spegle, men også å konstruere ei oppfatning av verda. Språket i drama er difor eit interessant studieobjekt nettopp fordi det er planlagt. Frå replikkar blir skrivne til dei til slutt blir framført av ein skodespelar kan det ha vore gjennom mange ledd, frå manusforfattarar, via dramaturg til produsent og regissør. Og denne prosessen fram mot ein framført replikk er interessant. Kva språklege uttrykksformer blir valde når ein i teorien kan velje heilt sjølv? Kva tankegang og motivasjon ligg til grunn for akkurat det språkvalet som er gjort i dei ulike samanhengane, og kvifor? Dei språklege uttrykka som blir valde kan fortelje oss mykje om språkideologi, om både bruken av, og haldningar til ulike varietetar i det norske språksamfunnet. Språkhaldningsforskarer Peter Garrett poengterer "[...] language attitudes may be created or reinforced by the ways in which realities are represented through language ideologies, stereotypes, and also the many myths about language" (2010:224).

Sceneoppsetjingar, filmar, tv-seriar og hørespel når ut til mange tusen sjåarar og lyttarar over heile landet, og er såleis ein påverkande faktor for kva oppfatning lyttarane og sjåarane

har til ulike språklege varietetar. På denne måten er filmar og radio- og tv-program ein viktig arena for å signalisere, representere og vidareformidle haldningar til språk, og vise fram variasjonen og mangfaldet i det norske språksamfunnet. I Språkåret 2013 feirar ein språkleg mangfald, og i det høvet seier leiaren i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, i ein kronikk i *Aftenposten*: ”Mangt blir betre i samfunnet vårt om vi er medvitne om språket, at det ikkje er eitt feitt korleis vi uttrykkjer oss. [...] For språkmangfald er ikkje rot, men rikdom” (13.11.12).

1.3 Tidlegare forskning

I Noreg har språkbruk og språkhaldningar i media berre i avgrensa grad blitt studert. I USA publiserte Lippi-Green (1997) boka *English with an Accent* der ho undersøkte om det var ein systematikk i samanhengen mellom kva type varietetar som blei gitt til ulike typar karakterar i Disney-filmar. Ho kom fram til at:

Characters with strongly positive actions and motivations are overwhelmingly speakers of socially mainstream varieties of English. Conversely, characters with strongly negative actions and motivations often speak varieties of English linked to specific geographical regions and marginalized social groups” (1997:101).

Janne Sønnesyn (2011) gjentok denne undersøkinga i ei masteroppgåve. Ho brukte Disney-filmar som hadde kome ut i perioden etter Lippi-Green gjorde sin analyse som materiale, og fann ut at det var fleire karakterar som snakka med standard amerikansk uttale no enn før. Men ho fann likevel ulikskapar i kva varietetar dei snakkar avhengig av kjønn, etnisitet og roller.

I det norske språksamfunnet har Gunhild Hovden Kvangarsnes (2006) skrive masteroppgåva *Språket i teatret, og teatret i språket. Om språkleg identitet ved Det Norske Teatret* om det talte nynorske scenespråket, der ho undersøkte korleis den språklege identiteten ved teatret har utvikla seg. Guri Melby (2007) har sett på symbolsk makt og korleis makttilhøvet mellom urbanitet og periferi kjem til uttrykk via bruk av ulike dialektar i tv-humorprogrammet *Team Antonsen* i masteroppgåva *Språk og parykk*.

1.4 Avgrensing av oppgåva og problemstilling

Denne oppgåva kunne ha handla om mange ulike tema innanfor språk og språkbruk i dramatikk. Det er veldig mange tema som hadde vore interessant å gå meir i djupna på. I ein så avgrensa studie som dette er det derimot mykje som må veljast vekk. Fokuset i denne oppgåva blir dermed å sjå på språkbruk og haldningar i dramatikk på eit generelt grunnlag. Studieobjektet er ikkje konkret ”korleis blir bergensk nytta?”, ”korleis blir trøndersk framstilt?” eller ”i kva samanhengar blir Oslo-aust-målet brukt?”, men å sjå korleis språket blir nytta på eit overordna nivå, og ved å illustrere dette med eksempel frå ulike produksjonar frå både radio, tv og film. Det er dermed dei metaspråklege refleksjonane til folk som arbeider med desse problemstillingane til dagleg som utgjer den viktigaste delen av materialet mitt. Problemstillinga er difor følgjande:

- 1a) *Kva funksjonar har bruken av ulike varietetar i dramatikk?*
- b) *Kvifor blir ulike varietetar valde i ulike samanhengar?*
- 2) *Kva kan bruk av ulike varietetar fortelje oss om språkhaldningar og språkideologi?*

Denne problemstillinga er todelt. Først vil eg finne ut av kva ulike funksjonar val av språkleg uttrykksmåte kan ha i dramatikk og i planlagde munnlege framføringar. Dette gjeld både praktiske, realistiske, kunstnariske, idealistiske og ideologiske årsaker til val av språkleg varietet. Vidare skal eg sjå på *kvifor* desse ulike varietetane blei valde i ulike situasjonar. Ved å sjå på årsakene til desse språkvala, kan vi sjå korleis haldningar blir spegla i val av varietet, og ut frå dette vil eg diskutere kva språkhaldningar og språkideologiar denne bruken av ulike varietetar formidlar.

1.5 Omgrepsavklaringar

Når eg i denne oppgåva nyttar omgrepet *dramatisk språk* inkluderer dette alle former for planlagt språkframføring. Dette gjeld det munnlege språket i både filmar og tv-seriar, på teaterscenen og i radioprogram – inkludert *Hallo i uken*. Sjølv om ein kan diskutere om dette programmet går inn under definisjonen dramatikk, går språket dei snakkar der i denne oppgåva inn under omgrepet *dramatisk språk*.

Det finst ulike underkategoriar av talemål. Ofte deler ein desse inn i tre grupper. *Geolekt* er det vi i daglegtalet kallar dialekt, og er talemål som er knytt til geografisk avgrensa område.

Når eg i denne oppgåva nyttar termen *dialekt*, er det difor i tydinga *geolekt* (jf. Skjekkeland 2010). *Sosiolekt* er språket som er knytt til ulike sosiale grupperingar, gjerne innanfor same geografiske område. Tradisjonelt har denne varietetten vore presentert som motsetnaden til geolekt, men har ofte samanheng med ulike bruksituasjonar (jf. Røyneland 2003:22). Ein sosiolekt er dermed både ”ein sosialt og ein stilistisk avgrensa varietet” (ibid.). Uttrykka *etnolekt* eller *multietnolekt* er dei omgrepa som blir nytta om ”utviklinga av norske dialektar på fleirspråkleg grunn” (Røyneland 2003:59), og blir brukt om språket som er avgrensa til ein eller fleire etniske grupper (Røyneland 2003:22). Når eg ikkje har behov for å presisere om eg meiner geolekt, sosiolekt eller (multi)etnolekt kjem eg til å nytte uttrykket *varietet* som eit samleomgrep for dei ulike talemålskategoriane.

Vidare er det naudsynt med ei avklaring på kva eg i denne oppgåva legg til grunn for kva som blir rekna som ein varietet. I motsetnad til tradisjonell dialektologi og sosiolingvistiske studium der ein nyttar seg av trente lingvistiske øyre for å definere og skilje mellom ulike varietetar, har eg i denne oppgåva eit perseptuelt syn på dette. Det vil seie at det informantane sjølv oppfattar som ein varietet, er ein varietet (jf. Meyerhoff 2006:65).

1.6 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva handlar om to ting: kva funksjonar bruk av ulike varietetar i dramatikk og planlagde framføringar av språk har, og kva dette seier om språkhaldningar og språkideologiar. Det er fleire teoriar som er aktuelle å knyte opp til språkbruk og språkhaldningar. Ei så avgrensa oppgåve som dette tillèt ikkje at eg går fullt og heilt i djupna på kvar einskild teori, men ein kort presentasjon av dei ulike teoretiske innfallsvinklane på språkbruk kjem i kapittel 2.

Metoden som er brukt er kvalitative intervju, og diskursanalyse av dei transkriberte samtalanene. Ynsket var å gå i djupna på korleis informantane tenkte om språk og funksjonen til dei ulike varietetane. Denne metoden opnar for å kunne gå inn i konkrete eksempel i dramatikken og stille direkte spørsmål om kvifor akkurat desse varietetane blei valde, noko eg utdjupar nærmare i kapittel 3. Resultata frå intervjuet og analysen kjem i kapittel 4. Ei oppsummering og ein avsluttande kommentar kjem i kapittel 5, og eit litteraturoversyn står under punkt 6. Heilt til slutt ligg vedlegga som består av intervjuguiden og informasjonsskrivet som blei brukt i samband med intervjuet av informantane.

2 Teori

Når vi møter ein ny person får vi bestemte assosiasjonar til han eller henne kun basert på korleis vedkomande snakkar. Dette heng saman med kva haldningar menneske i eit språksamfunn har til forskjellige måtar å snakke på, og kva erfaringar ein har med ulike språkvarietetar. Når ein nyttar ulike varietetar i dramatisk språk, kan ein sjå språkvalet i lys av forskjellige teoretiske innfallsvinklar. I dette kapitlet ser vi på kva for ulike teoriar som denne oppgåva byggjer på. Først skal vi sjå på språkhaldningar, stereotypiar og språkideologi, før vi ser på omgrepet standardtalemål, og samanhengen mellom språk og identitet og språk som ei vare.

2.1 Språkhaldningar

I tillegg til utviklinga av ulike måtar å snakke på, er *bruken* av desse ulike varietetane det sentrale temaet i sosiolingvistisk forskning. Lippi-Green skriv: ”We use variation in language to construct ourself as social beings, to signal who we are, and who we are not and cannot be” (1997:63). I samband med denne variasjonen i språket, er det interessant å sjå på dei språklege vurderingane og dei ulike haldningane som finst til dei forskjellige varietetane. Dette har vore kjerneinteressa i sosiolingvistisk forskning sidan Labov (1972) såg på samanhengen mellom bestemte språkvariantar og ulike grader av prestisje i eit språksamfunn. Garrett (2010:2) poengterer at ”[...] language variation carries social meanings, and so can bring very different attitudinal reactions, or even social disadvantage or advantage”. Med andre ord: Vi drar slutningar om folk ut frå korleis dei snakkar, og haldningar vi har til menneske heng ofte saman med *måten* dei snakkar på. Miriam Meyerhoff formulerer det slik: ”Our attitudes to different varieties of a language colour the way we perceive the individuals that use those varieties” (2006:54).

2.1.1 Korleis definere språkhaldningar?

Omgrepet *språkhaldning* er eit komplekst fenomen. Korleis kan vi då definere dette omgrepet? Oppenheim (1982:39) definerer språkhaldingar slik:

a construct, an abstraction which cannot be directly apprehended. It is an inner component of mental life which expresses itself, directly or indirectly, through much more obvious processes as stereotypes, beliefs, verbal statements or reactions, ideas and opinions, selective recall, anger or satisfaction or some other emotion and in various other aspects of behaviour.

Denne definisjonen går på både tankar og oppførsel, i tillegg til korleis desse kjem til uttrykk. Garrett (2010:20) påpeiker at sjølv om denne definisjonen ser på haldningar som ein psykologisk konstruksjon, og ein ikkje kan observere slike abstrakte konstruksjonar direkte, er vi avhengige av å hente ut desse frå utsegner og emosjonelle reaksjonar. Den manglande tilgangen til å hente ut slike oppfatningar direkte, er utgangspunktet for mange diskusjonar om korleis ein kan studere språkhaldingar. Mæhlum nyttar ein litt meir avgrensa definisjon av omgrepet *haldningar*, og omtalar dei som: ”en betegnelse på en beredskap til å reagere positivt eller negativt overfor gitte sosiale objekter – det være seg bestemte personer, grupper eller mer abstrakte ideer eller verdier” (2003:93). Denne definisjonen ser på haldningar som ei positiv eller negativ evaluering av visse objekt – i dette tilfellet språket. Meyerhoff (2006) har inkludert dette i sin definisjon av *språkhaldningar*, som også vil fungere som bakteppe for mi forståing av omgrepet i denne oppgåva: ”The study of what people think about different linguistic varieties and how those perceptions about language relate to perceptions of attitudes about different users of language” (2006:292). Korleis folk omtaler og bruker dei ulike varietetane i eit språk seier mykje om haldningane som er knytt opp mot desse, og nettopp difor kan ein lære mykje av å studere språkhaldningar. Dette gjeld også i dramatisk språk der ein i teorien kan velje mellom mange ulike varietetar. Garrett poengterer: ”Language attitudes research can build a better understanding of the complex worlds in which sociolinguistic varieties exist and language users negotiate their way through their everyday lives” (2010:227). Dette gjeld også for språket i dramatik, der ein i teorien kan nytte alle varietetane som er tilgjengelege i det norske språksamfunnet.

2.1.2 Tillærte eller ibuande språkhaldningar?

Sjølv om lingvistar ser på alle former for språk som likeverdige, har medlemmene i eit språksamfunn ulike oppfatningar av ulike varietetar (jf. Lippi-Green 1997). Språkforskaren Helge Sandøy legg vekt på at språkleg sett er haldningane vi har til ulike varietetar tilfeldige og grunnlause, jamfør den ulike oppfatninga av pronomenet ”je” i Stavanger og på Austlandet (1996:118). Mæhlum (2003:10) påpeiker at haldningar er tillærte verdiar, og ein refleks av dei sosiale, kulturelle og politiske omgjevnadene i samfunnet. Garrett (2010:22) skriv at sjølv om det eksisterer studiar som viser at i tillegg til sosiale faktorar kan også arvelege faktorar påverke haldningar, er det ingenting som tyder på at arvelege faktorar gjeld *språkhaldningar* spesielt. Oppfatningane og haldningane vi har til ulike varietetar er dermed ikkje noko som er ibuande i språket i seg sjølv, men er ein konsekvens av dei ytre

samfunnspåverknadene.

2.1.3 Opne og skjulte språkhaldningar

Vi har både opne og skjulte haldningar til språk. Dei skjulte haldningane er vi ofte ikkje klar over at vi har sjølve. Mæhlum skriv at haldningane våre er ”ideer og assosiasjoner som i stor grad er ideologisk betinget. Nettopp derfor er vi som regel ikke klar over disse forbindelsene, fordi de er så innvevd i vår egen virkelighetsoppfatning” (2003:11). Vidare understreker Mæhlum at ”svært ofte blir holdningene overtatt mer eller mindre ureflektert fra venner, familie eller andre grupperinger som vi har valgt å identifisere oss med” (2003:93). For sosiolingvistar som er interesserte i årsaker til språkendring, er det dei skjulte haldningane som er mest interessante å studere. Til grunn for dette ligg hypotesen om at det er dei skjulte haldningane som i større grad enn dei opne styrer språkvala våre (jf. m.a. Giles og Powesland 1975, Garrett, Coupland og Williams 1999). I slike språkundersøkingar der målet er å avdekkje dei skjulte, underliggjande haldningane som menneske har om språk, blir det nytta den såkalla dialektmasketesten, eller *matched guise*-teknikken (jf. m.a. Giles 1970, Ball 1983, Kristiansen 1997). I denne oppgåva vil eg derimot nytte ei direkte tilnærming for å avdekke opne språkhaldningar, noko eg kjem nærmare inn på i neste kapittel.

2.2 Språkideologi

Omgrepa *språkhaldningar* og *språkideologi* er tett knytte saman. Hodge og Kress definerer omgrepet *ideologi* slik: ”Ideology involves a systematically organized presentation of reality” (1993:15). Når ein snakkar om *språkideologi*, er dette eit omgrep som ifølgje Woolard (1998 i Meyerhoff 2006) famnar mykje breiare enn *språkhaldningar*. Meyerhoff skriv:

The study of language ideologies considers how the beliefs and theories that speakers have about different forms of language help them to rationalise and relate highly complex social systems such as access to power, and what social processes sustain those beliefs (2006:55).

Mæhlum definerer omgrepet slik: ”Med ”ideologi” mener jeg her et overordnet tankesett om hvordan det norske samfunnet er, eller framfor alt *bør være*” (2009:22). Ifølgje dette synet er språkideologi det overordna synet ein har på språket. Begge aspekta gjer seg gjeldande i denne studien, både konkrete haldningar til ulike varietetar, men også kva syn ein har på språket og moglegheitene som ligg i dei ulike varietetane frå eit meir overordna synspunkt.

2.3 Sterotypiar

Stereotypi er også eit omgrep som står i nær samanheng med språkhaldningar. Ei vanleg oppfatning av ein stereotypi er at det er unyanserte førestillingar om eit objekt, og i dette høvet språklege verdidommar. Garrett (2010:4) omtaler stereotypiar som kognitive snarvegar. Meyerhoff (2006) legg også vekt på attkjennings effekten når ho definerer omgrepet: ”a linguistic feature that is widely recognised and is very often the subject of (not always strictly accurate!) dialect performances and impersonations” (2006:296). Mæhlum (2003) formulerer det slik: ”en betegnelse for den typen gjengs oppfatning og forventning som vi kan ha til både atferd og personlighet hos en bestemt gruppe på grunnlag av for eksempel deres kjønn, etnisitet, og ikke minst deres *språk*” (2003:94).

Sandøy (1996) påpeiker at stereotypiske vurderingar av språk er kulturbundne, og viser til at folk frå andre land vurderer taleprøver annleis enn dei som kjem frå det landet taleprøvene er henta frå. Vidare argumenterer han for at når desse stereotypiane blir utnytta i massemedia, er dette med på å spreie og forsterke dei. Han skriv: ”massemedia gjør dermed stereotypiane til felles kultureige for heile landet” (1996:120). Samstundes poengterer han at haldningar vi har til andre menneske ut frå korleis dei snakkar, ikkje er absolutte. Språkhaldningar er ikkje ei konstant uforanderleg eining, og desse stereotypiane om språk stikk ikkje djupare enn at dei kan endre seg når vi blir nærmare kjent med språkbrukarane (1996:122). Slik kan ein i dramatisk språk spele på forventingane og fordommane til folk, ved å framstille ein rollefigur som snakkar akkurat slik lyttarane/sjåarane forventar at denne karakteren snakkar. Eller så kan ein gjere heilt omvendt, og vise heilt motsette karaktertrekk av språkbrukaren enn det som kanskje blir forventa, noko som kan vere ein dramatisk effekt i seg sjølv. Såleis kan vi seie at bruk av stereotypiar har to funksjonar; både det å bekrefte og forsterke allereie etablerte førestillingar om språk, men også at ved å bruke stereotypiar og jobbe mot dei kan ein endre dei oppfatningane menneske har om ulike varietetar.

2.4 Standardtalemål

Om eit språk har eit standardtalemål er eit anna punkt som er nøye knytt opp mot språkhaldningar og språkideologi. Peter Trudgill (2002) og Unn Røyneland (2009) hevdar at Noreg er eit av dei landa i verda der det er høgast aksept for bruk av ulike dialektar. Men tyder dette at ein *ikkje* har eit standardtalemål? Om ein i det heile skal nytte dette omgrepet er ein diskusjon i seg sjølv, og Sandøy (1996) påpeiker at dette kan signalisere at ein ser på

”dialekt” som noko avvikande frå ein ”standard”. Likevel må ein bruke eit uttrykk når ein skal diskutere dette fenomenet, så difor vil eg nytte nettopp omgrepet ”standard” vidare. Paul Garvin og Madeleine Mathiot definerer standardtalemål som eit ”codified form of a language, accepted by, and serving as a model to, a larger speech community” (1960:783). Røyneland definerer dette som ”eit overregionalt talemål som skal vere overordna regionale, sosiale og etniske skilje – og er dermed ulikt geolektar, sosiolektar og etnolektar” (2003:23). Denne tenkemåten rangerer dermed ulike talemål i eit hierarki, der det som blir rekna som standardtalemål er på topp. Ofte er denne varieteten knytt opp mot talemålet til menneske med høg status og autoritet i eit språksamfunn, og som ofte har ein tett samanheng med skriftspråket. Mesthrie skriv: ”Standardisation occurs when a language is put to a wider range of functions than previously – typically for the spread of literacy, education, government and administration, and in the expansion of the media” (2000:21).

Om vi har eit standardtalemål i Noreg er eit spørsmål som er blitt mykje debattert, og kjem an på korleis ein definerer omgrepet og oppfattar språkrøynda (sjå t.d. diskusjon i NLT 2009 27/1, Papazian 2012). Det norske språksamfunnet skil seg på dette området frå våre skandinaviske naboland (Thelander 2009, Edlund 2003, Pedersen 2009, Kristiansen 1996), Tyskland (Elsbaß 2007) og Polen og Ungarn som har ein standardvarietet med full samfunnsmessig og sosial aksept (Jahr og Mæhlum 2009:5) Slik er også situasjonen i Frankrike. Richard Y. Bourhis skriv:

It seems that to this day a majority of academics, educators, policy makers and mass media specialists favour one standard norm of French which happens to be the Ile de France dialect. Nonstandard dialects and accents are not much tolerated as these are viewed as a threat to both the linguistic unity of France and to the purity and universality of the French language (1997:312).

Jahr og Mæhlum (2009:4) understreker at det er lite usemje om at Noreg i dag ikkje har eit standardtalemål definert som ein fast lingvistisk varietet med full samfunnsmessig og sosial aksept, slik som til dømes Polen og Ungarn. I tillegg er eit sentralt punkt at dei ulike dialektane har høg status blant medlemene i det norske språksamfunnet, og Kulbrandstad (2007:100) påpeiker at det også er ei utbreidd førestilling blant språkforskarar at Noreg er eit av landa i Europa som har størst toleranse for talespråkleg variasjon. Diskusjonen om standardtalemål dreier seg dermed om ein kan snakke om ein *mental* standard, ei førestilling om ei overordna norm, som i praksis blir realisert som talt bokmål med austnorsk uttale (jf. Jahr og Mæhlum 2009:6). Eit slikt syn på standardtalemål har også James Milroy og Lesley

Milroy som definerer det som "... an idea in the mind rather than in reality – a set of abstract norms to which actual usage may conform to a greater or lesser extent" (1999:19). Ulike syn på om ein kan snakke om ein slik *mental norm* fører også til ulike svar på spørsmålet, og dette kjem igjen an på korleis ein oppfattar språksituasjonen i Noreg.

Mæhlum og Sandøy representerer to ulike syn i debatten om vi har eit standardtalemål. Mæhlum meiner at det finst eit klart standardtalemål, medan Sandøy argumenterer for det motsette. Mæhlum (2009:7) hevdar at det eksisterer ei for politisk korrekt oppfatning av dei symbolske relasjonane mellom dei ulike talemålsvarietetane i det norske språksamfunnet, og argumenterer for at det i Noreg finst ein varietet som i det mentale medvitte har ein heilt bestemt posisjon, nemleg eit standardtalemål. Med utgangspunkt i mønster for språkendingar skriv ho:

Det er nemlig en utbredt forestilling blant norske språkbrukere om at det er ett bestemt talemål i det norske språksamfunnet som står i en særstilling sammenliknet med alle andre norske talemålsvariteter og at denne varietetten befinner seg på toppen av det nasjonale språklige prestisjehierarkiet (2009:13).

Vidare poengterer ho at sjølv om standardideologien er svak i det norske språksamfunnet, tyder ikkje dette at det *ikkje* eksisterer *forestillingar* om ein standard.

Sandøy på si side kritiserer Mæhlum for å blande prestisje og standard. Han seier at prestisje kan vere utgangspunktet for at ein varietet får ein standardposisjon, men at det òg kan vere motsett, og at ein ikkje kan vite dette utan at ein får skilt desse omgrepa frå kvarandre. Han meiner at dersom det norske samfunnet har ein standard, så er det ikkje berre ein, men fleire standardspråk som verkar som ein faktor når menneske endrar språket sitt (2009:32 og 36). Mæhlum (2009:21) på si side meiner Sandøy er for reduksjonistisk i måten han omtaler standardtalemål på, noko som fører til at sentrale dimensjonar ved omgrepet forsvinn. Spørsmålet er då om dei i det heile tatt diskuterer det same objektet. Synet ein har på standardvarietet er dermed avgjerande for korleis ein forklarar språkendingar, og omvendt kan ein seie at ein med utgangspunkt i språkendingar kan argumentere for at det finst eit standardtalemål.

Uavhengig om kva den teoretiske bakgrunnen for oppfatninga av standardtalemål er, kan ein likevel slå fast at det er mange som opplever oslomålet (Stjernholm 2013) som "nøytralt" og "umarkert". Røyneland og Opsahl (2009:97) poengterer at "uttalelser fra unge mennesker

både i og utenfor Oslo vitner om at oslomålet har status som en form for standard i kraft av å være et normideal". Vidare skriv dei at "talt bokmål identifiseres som Osломål og blir gjerne sett på som "vanlig", nøytralt, korrekt og pent, men også som sossete og jålete" (2009:97). Røyneland (1994:10, 2005:55) påpeiker også at mange språkbrukarar uttrykkjer at folk i Oslo ikkje har nokon dialekt. Ei slik oppfatning av oslomålet som ein "nøytral" varietet vil spele inn på korleis ein tar i bruk dei ulike varietetane også i dramatikk der dei som tar avgjersla om språkval i teorien kan velje heilt fritt kva varietet dei ynskjer å nytte.

2.5 Språk som identitetsmarkør

Språkhaldningar kjem til uttrykk når måten ein snakkar på blir knytt opp mot identitet. Det er ei vanleg oppfatning at språk og identitet høyrer saman, at kven ein "er" eller kven ein ynskjer å vere heng saman med korleis ein snakkar. Mæhlum skriv at språket har "blitt betraktet som en av de viktigste identitetsskapende faktorene, nettopp fordi det i stor utstrekning er gjennom språket vi presenterer vår identitet" (2003:104). Lippi-Green (1997) understreker at språket "is the most salient way we have of establishing and advertising our social identities" (1997:5). Men tanken om at språket er eit uttrykk for kven språkbrukaren *verkeleg* er blir problematisk når vi veit at individ varierer språket sitt etter situasjonen han eller ho er i. Er denne personen då meir eller mindre "seg sjølv" ut frå kva situasjon vedkomande er i?

Omgrepet *identitet* er komplekst. Mæhlum (2003:107) påpeiker at identitet er to ting. Det består både av *personleg identitet* som er dei særdraga og karaktertrekka som gjer kvart menneske unikt, og *sosial identitet* som er dei eigenskapane som gjer at ein høyrer til i eit fellesskap. Røyneland (2005:114) skriv at denne prosessen føregår gjennom språket, og den sosiale identiteten blir dermed noko ein "gjer" – ikkje noko ein "har". Mæhlum poengterer at det er eit gjensidig avhengigheitsforhold i desse måtane å oppfatte identitet på, og at ein kan definere denne dobbelheita ved å seie at "et individs identitet blir utkrystallisert i spenningsfeltet mellom det individuelle og det kollektive" (2003:107). Såleis er ikkje identiteten anten slik ein er åleine eller slik ein er med andre, men ein kombinasjon av begge deler.

Vidare heng kva syn ein har på samanhengen mellom språk og identitet saman med om vi har ei *essensialistisk* eller *konstruktivistisk* oppfatning av omgrepet. Dersom ein ser på identitet

som noko medfødt, varig og uforanderleg – som ein fersken eller avokado med ein hard kjerne – er dette ei essensialistisk identitetsoppfatning. Språket vil dermed henge tett saman med individet, og vere ein representasjon for korleis eit menneske verkeleg er, uavhengig av ytre påverknad. Tolkar ein derimot identitetsomgrepet som noko som vil variere ut frå kva situasjon språkbrukaren er i, er dette ei konstruktivistisk oppfatning (Mæhlum 2003:108). Denne oppfatninga blir ofte illustrert med ein lauk, og det som kjenneteiknar dette synet, er at det nettopp er fråveret av ein hard kjerne som utgjer identiteten til eit individ. Såleis blir identiteten til ein person definert av ytre forhold, og identiteten blir konstruert gjennom handlingar og dei rollene vi er i når vi møter omverda (Mæhlum 2003:123). Deckert og Vickers seier at identiteten dermed er ”not a static quality of an individual, but it is a flexible, fluid, and multi-aspected co-construction of an individual’s sense of self” (2011:10). Menneska har eit stort repertoar av språklege ressursar tilgjengeleg, og når vi snakkar nyttar vi oss av denne kunnskapen om kva ulike språktrekk eller ulike varietetar indekserer. Når vi gjer språkval eller modulerer språket vårt gjer vi dermed identitetsval ut frå kven vi ynskjer å identifisere oss med eller markere avstand til (Le Page og Tabouret-Keller 1985, Røyneland 2005, Skjekkeland 2010).

Den essensialistiske og konstruktivistiske identitetsoppfatninga er to ytterpunkt for korleis ein kan oppfatte identitet. Begge identitetsforståingane har ei kopling til språk, men dei fell aldri saman. Dei to teoriane har på kvar side viktige aspekt ved seg, som vil gå tapt dersom ein vel den eine versjonen framfor den andre. Mæhlum foreslår ein *syntese* av dei to syna, at ein forstår identitetsomgrepet som eit elveleie og ei elv som svingar seg nedover og endrar seg gradvis, men samstundes er konstant i straumen nedover. Slik får ein med begge aspekta av identitetsoppfatninga, både det som er konstant og stabilt, og det som endrar seg (2003:109). Gjennom språkvala vi gjer kan vi uttrykke ulike sider av identiteten vår, og synet vi har på identitet vil vere med og bestemme kva funksjon språket skal ha (jf. Mæhlum 2003:122).

Språk og identitet heng dermed saman i større og mindre grad avhengig av kva syn ein har på identitetsomgrepet. Slik kan ein både argumentere for at val av varietet i dramatisk språk er knytt opp mot karakteren og karaktertrekka til denne personen, men at det ikkje nødvendigvis er ein automatikk i dette.

2.6 Språk som vare – å kjøpe seg autentisitet

Trass i at det ikkje er sjølv sagt at det er ein samanheng mellom korleis ein person er eller ynskjer å vere, og korleis vedkomande snakkar, kan ein likevel (ut)nytte dei oppfatningane menneske i eit språksamfunn har for å framkalle bestemte assosiasjonar til ulike varietetar. Ifølgje Pierre Bourdieu (1977, 1991) kan ein sjå på språksamfunnet som ein marknad der dei ulike varietetane har ulik symbolsk verdi. John B. Thompson (1991:18) skriv:

Linguistic utterances or expressions are always produced in particular contexts or markets, and the properties of these markets endow linguistic products with a certain "value". On a given linguistic market, some products are valued more highly than others; and part of the practical competence of speakers is to know how, and to be able, to produce expressions which are highly valued on the markets concerned".

Bourdieu uttrykker: "Language is not only an instrument of communication or even of knowledge, but also an instrument of power" (1977:648). I ei utveksling av språklege uttrykk blir det symbolske maktforholdet mellom språkbrukarane og medlemmene av ulike grupper aktualisert på den lingvistiske marknaden. Språkuttrykk blir dermed samanlikna med varer som blir vurdert ut frå verdi, investering, profitt og kapital. Emanuel Da Silva et. al. (2007) argumenterer med korleis uttrykkssida i språket er ein ressurs i seg sjølv, og at språket er eit verktøy der det ikkje er kva det skriftspråklege uttrykket tyder som er viktig, men kva språket representerer. Dei skriv: "In the new economy, linguistic practices can be seen as resources which, in an effort to cater to markets and consumers, are mobilized by actors to produce and reproduce a multiplicity of social identities" (2007:185). Monica Heller (2003:474) hevdar at sidan lingvistiske kodar i større grad blir sett på som varer på den internasjonale marknaden, kan ein rekne dei som ein målbar storleik. Dette meiner Marilyn Martin-Jones (2007:176) fører til at det blir opna opp for nye måtar å vurdere ulike varietetar. Ved å vere medviten på dette, kan ein nytte ulike lingvistiske kodar for å oppnå fordeler. Såleis kan ein til dømes nytte uttrykkssida til ein viss varietet for å gi assosiasjonar til bestemte kulturar og etnisitetar. Jennifer Leeman og Gabriella Modan (2009) har studert bruken av kinesisk språk i Chinatown i Washington DC som blir brukt for å gi området "an air of ethnic authenticity" (2009:351). Dei argumenterer for at ved å nytte dei assosiasjonane folk har til kinesisk språk, kan dette bli brukt i marknadsføringa av bydelen og av konkrete varer. Dei skriv: "the state and private enterprises use symbols of Chinese ethnicity and culture, including language, graphics and architectural forms, to turn Chinatown into a commodity" (2009:338). Her ser ein korleis språket i seg sjølv er eit så sterkt symbol at det blir nytta som ei salsvare og for å selje produkt og kjøpe seg autentisitet. I denne samanhengen blir ikkje kinesisk nytta for

innhaldet språket kan formidle. Vidare skriv dei: "Chinese writing has become less and less a means of communication and social interaction, and more and more a symbolic design element, an ornament in the commodified landscape" (2009:359). Slik kan avsenderane av ei ytring ved hjelp av språket nytte bevisste språkhaldningar og bestemte assosiasjonar og konnotasjonar til ein varietet for å få fram ønskte reaksjonar hos mottakarar av eit språkleg uttrykk. Såleis kan ein bruke bestemte varietetar i samanhengar der ein ynskjer å "selje inn" eit fenomen eller ei konkret vare. I samanheng med dramatisk språk kan ein i den norske språkmarknaden spele aktivt på dei ulike haldningane og symbolverdiane til ulike varietetar, for å gjere det lettare å selje inn ein truverdig karakter.

2.7 Oppsummering: ulike syn på språkbruk

Når ein skal analysere språkbruken i dramatik, er det fleire aspekt å ta omsyn til. Språkhaldningar og språkideologi handlar om kva oppfatningar ein har til språket og kva ein ynskjer det skal vere. Synet ein har på språklege stereotypiar og korleis ein oppfattar standardtalemål vil spele inn på kva språkval ein tar. Ser ein på språk og identitet som noko som er tett knytt saman, får dette andre konsekvensar for språkvalet enn når ein nyttar språket som ei vare der målet er å skilje seg ut. Alle desse elementa gjer seg på kvar sin måte gjeldande når ein skal sjå på kva funksjon språket har, og kva språkhaldningar som kjem til uttrykk ved val av varietet i planlagd tale.

3 Metode

Omgrepet *metode* tyder opphavleg *vegen til målet* (Brinkmann og Kvale 2009:199). Målsetjinga med denne studien er å utforske korleis språket blir brukt i planlagde munnlege framføringar, kva som ligg til grunn for dette, og kva dei ulike språkvala fortel oss om språkhaldningar og språkideologi. Hausten 2012 hadde eg praksis gjennom faget Nordisk prosjektsemester ved Universitetet i Oslo. Då jobba eg som informasjons-/pressemedarbeidar i NRK Drama/Radioteatret på Marienlyst. Dermed hadde eg høve til å observere og følge arbeidet med ulike produksjonar, og få tak i personar som arbeider med språk og dramatikk og intervju dei, for slik å få tak i empirien til denne oppgåva. I dette kapitlet vil eg presentere den vegen eg nyttar for å få svar på forskingsspørsmåla mine i form av val av metode, innsamling av data, og handsaming av datamaterialet.

3.1 Val av innsamlingsmetode

Val av metode heng nøye saman med kva ein vil finne ut, og korleis ein best kan få svar på det ein lurar på. I denne oppgåva har eg vald ei kvalitativ tilnærming. Hernes skriv: ”Kvalitative data eignar seg spesielt til å oppnå meir eller mindre heilskapleg forståing av spesifikke føremål, ein går i djupna i staden for breidda, og legg stor vekt på innleving og innsikt” (2006:75). Ut frå problemstillinga blei kvalitative intervju vurdert som den mest optimale og føremålstenelege metoden fordi eg på denne måten nettopp kan gå djupare inn i temaet eg ynskjer å finne ut meir om, og dermed få ei betre innsikt i forholdet mellom språket brukt i dramatikk og samfunnet. Forskingsspørsmåla mine er:

- 1a) Kva funksjonar har bruken av ulike varietetar i dramatikk?*
- b) Kvifor blir ulike varietetar valde i ulike samanhengar?*
- 2) Kva kan bruk av ulike varietetar fortelje oss om språkhaldningar og språkideologi?*

3.1.1 Om kvalitative intervju

Steinar Kvale og Svend Brinkmann seier i *Det kvalitative forskingsintervju* at: ”Forskningsintervjuet har som mål å produsere kunnskap” (2009:22). Målet er at forskaren skal kome til ny innsikt ved å spørje eit utval menneske om eit tema. I det kvalitative forskingsintervjuet er forskaren ute etter å forstå verda frå synspunktet til intervjuobjekta (jf. Brinkmann og Kvale 2009). Såleis er intervjuet kunnskapsproduserande. Ved å bruke

kvalitative intervju som metode har ein direkte tilgang til datamaterialet. Ein kan spørje informantane rett ut om det ein vil ha meir informasjon om, ein kan stille oppfølgingsspørsmål, be om eksempel, oppklare eventuelle misforståingar og be samtalepartnarane om ytterlegare forklaringar og få grundige svar. Informantane kjem i løpet av intervjuet med erfaringar dei har, og i denne refleksjonen kan ein kome til ny innsikt i og kunnskap om måten informantane tenkjer om språk på, og få fram ulike sider ved dei forskjellige temaa, som andre metodar ikkje hadde kunna avdekke. Sjølv om ein i ein kvalitativ studie ikkje kan generalisere resultatata statistisk sett, eller rekne dei som allmenngyldige, vil empirien vere teoretisk interessant og slik sett ha prinsipiell interesse utover dei individa som er intervjuja (jf. Akselberg og Mæhlum 2003:75).

3.1.2 Å måle språkhaldningar

Å måle språkhaldningar er utfordrande. For kva eller kven er det eigentleg ein vurderer? Det er ein nær samanheng mellom haldningane vi har til varieteten, og haldningane vi har til dei som nyttar den. Sandøy (1996:121) poengterer at vi veit at ”stereotypiane i språkholdingar er ei kulturell felleseige, og at holdningane til språket lett blir overført på den som bruker språket”. Er det dermed varieteten i seg sjølv, eller er det språkbrukarane – og i mitt tilfelle karakterane i eit stykke – som blir vurdert? Denne oppgåva handlar om korleis ein vurderer språket til fiktive personar. Korleis desse karakterane snakkar blir dermed også ein representasjon for haldningane til dei som tar avgjersla om språkvalet. Icek Ajzen skriv: ”attitude is a hypothetical construct that, being inaccessible to direct observation, must be inferred from measurable responses” (2005:3). Ein må utleie haldningane frå ein konkret storleik, som i dette tilfellet er ytringane til intervjupersonane. Utgangspunktet i denne studien er dermed at når eit språkval blir tatt, er det dei opne, bevisste språkhaldningane som blir nytta i avgjersla, og det er desse haldningane ein tar fram når ein forklarar og forsvarer språkvalet som er gjort. Det er difor dei medvitne haldningane til informantane som er interessante, og som blir undersøkt i denne oppgåva. Ein slik direkte metode er ifølgje Garrett (2010:39): ”an approach that relies upon overt elicitation of attitudes”. Garrett (2010:228) omtaler denne direkte framgangsmåten for haldningsstudiar som ”studies of attitudes of human informants in which they are aware of what is being investigated”. Det som er utfordringa med slike direkte spørsmål om språkhaldingar er at ein kan risikere at informantane er veldig bevisste på at det er språk dei blir spurt om, og difor er redde for at dei skal framstå med politisk ukorrekte haldningar, eller at dei svarer det dei trur intervjuaren

ynskjer å høyre, i staden for kva dei eigentleg meiner. Dette atterhaldet gjeld for denne studien også. Min erfaring er derimot at informantane har eit høgt metaspråkleg refleksjonsnivå. Dei er opptatt av å få fram den komplekse heilskapsvurderinga som ligg bak, og utfordringane som er knytte til, val av språklege uttrykk. I tillegg trekkjer dei fram alle dei ikkje-språklege faktorane som må bli tatt omsyn til, og som spelar inn på det språklege resultatet.

3.2 Val av informantar

Informantane bestod av åtte personar som arbeider med planlagd talt språk frå ulike innfallsvinklar, frå manusforfattarar som arbeider med språket frå første stund, til regissørar som jobbar med den konkrete sluttframføringa. Målet for val av informantar var at dei ikkje berre kunne svare på kva funksjon dei ulike varietetane hadde, men også *kvifor* desse varietetane blei brukt. Dermed var det eit poeng å intervjuje folk som er med på å ta dei avgjerslene – ikkje tekstutøvarar som får beskjed om å gjere ei rolle på ein bestemt måte. Somme gonger er også skodespelarane med og bestemmer korleis dei skal forme rolla si, men oftast blir dei språklege avgjerslene tatt på eit tidlegare stadium. Difor var det interessant å intervjuje dei som tar dei ulike språkvala, og som har ein tanke om og plan for korleis dei ulike karakterane i ei framføring skal snakke – og ikkje minst kvifor. Intervjupersonane er dermed menneske som arbeider med dramatisk språk på litt ulike stader i prosessen og med ulike tilnæringsmåtar.

Det blei difor nytta eit strategisk informantutval for å belyse ulike sider av forskingsobjektet. Informantane har ulike yrker og stillingar, og har dermed varierte bakgrunnar og erfaringar med å arbeide med det munnlege språket brukt i dramatikk. Utvalet bestod av to regissørar, Else Barratt-Due og Steinar Berthelsen frå NRK Radioteatret, manusforfattar og programleiar i *Hallo i uken* Jørgen Strickert, manusforfattar for NRK Drama Gjermund Stenberg Eriksen, manusforfattar og produsent i NRK Radioteatret Carl Henrik Grøndahl, Lasse Greve Alsos som har jobba som filmprodusent, dramaturg i NRK Radioteatret Gunhild Nymoen, og Nils Stokke, programredaktør i NRK Super.

Intervjupersonane jobbar med ulike innfallsvinklar til språket, og representerer dermed ulike haldningar til, og meiningar om korleis ein nyttar språket i planlagde munnlege framføringar. Dei hadde såleis gode føresetnader for å formidle ulike erfaringar og perspektiv på det å

jobbe med språk, og på den måten bidra med relevant data til denne oppgåva. Det innsamla datamaterialet er dermed teoretisk interessant for å avdekke både ulike måtar å bruke språket på, og ulike haldningar til språk. Korleis informantane tenkjer om språk, og dei avgjerslene informantane tar, får også følgjer for kva som blir sendt på tv og i radioen. I kraft av dette har dermed språkhaldningane til intervjuobjekta innverknad på mottakarane.

3.3 Innsamling av data

I prosessen med å få tak i informasjon er det ulike omsyn å ta, og førebuingar å gjere når ein skal samle inn og handsame data.

3.3.1 Ethiske aspekt

Personane som var aktuelle å intervjuje, fekk eit informasjonsskriv om kva oppgåva skulle handle om, med ei samtykkeerklæring dei skulle signere, i tillegg til ein intervjuguide med spørsmåla som kom til å bli stilt. Informantane fekk også ein svarlapp med tre alternativ som dei blei bedne om å krysse av. Dei kunne velje mellom å anten vere heilt anonyme, å bli referert til med yrkestittel og arbeidsstad, eller å bli referert med fullt namn. Ingen av informantane ynskja å vere anonyme. Dette heng truleg saman med at det jo ikkje er sensitiv og privat informasjon som kjem fram i løpet av intervjuet, men informantane sine meiningar om korleis ein nyttar språket. I oppgåva blir dermed informantane nemnde med fullt namn. Prosjektet blei i forkant av intervjuet meldt til og godkjent av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitskapleg datatjeneste (NSD), og det innsamla datamaterialet er gjennomført etter retningslinjene frå NSD.

3.3.2 Førebuing av intervjuet

Eg utforma ein intervjuguide med 14 spørsmål om språket brukt i dramatikk (sjå vedlegg). Reint konkret handla spørsmåla om korleis ein jobbar med språket før og under ein produksjon, om ulike funksjonar språket har, og korleis ein bruker ulike dialektar, sosiolektar og (multi)etnolektar i dramatikken. Intervjuguiden blei levert til informantane i forkant av intervjuet. Det blei gjort ei vurdering på om dei skulle få spørsmåla på førehand i tilfelle det kunne hindre at det kom mange spontane utsegn som kunne vore interessante for oppgåva. Men sidan studieobjektet er medvitne språkhaldningar, var poenget å heller få godt førebudde svar og gjerne med illustrerande eksempel – noko eg fekk ved at informantane hadde fått lese gjennom og tenkt gjennom spørsmåla i forkant. Dessutan dukka det alltid opp

tilleggsspørsmål undervegs i intervjuet, slik at ein både kunne få dei svara og eksempla som var tenkt ut på førehand, og dei utsegnene som var meir spontane, og som informantane kom på undervegs.

Det var ikkje alle spørsmåla som var like relevante for alle intervjupersonane – noko eg var klar over på førehand. Alle informantane fekk likevel dei same spørsmåla slik at utgangspunktet skulle vere likt for alle. På denne måten fekk intervjupersonane eit innblikk i kva det var eg var interessert i å vite meir om, sjølv om ikkje alle kunne svare på alle spørsmåla. Intervjuet var semi-strukturert og intervjuguiden fungerte som eit utgangspunkt for samtalen, heller enn ei liste eg følgde heilt slavisk. Undervegs i intervjuet kom det opp nye tema, som gav utgangspunkt for mange oppfølgingsspørsmål.

3.3.3 Gjennomføring

Dei fleste intervju blei gjennomførte i november og desember 2012, og det siste i januar 2013¹. Intervjua varte frå 25 til 45 minutt. Eg brukte bandopptakar til å ta opp samtalen. På denne måten kunne eg konsentrere meg om innhaldet i det som blei sagt, heller enn å notere kva informantane sa. Ein annan fordel med å ta opp samtalan, er at ein då kan få ein mykje meir nøyaktig og fullstendig nedteikning av det informantane sa før ein går i gong med analysen (jf. Johnstone 2000:104). Alle intervju blei gjennomførte på ulike kontor eller møterom, utan avbrytingar eller forstyrrande element. Lydkvaliteten på opptaket blei svært god.

3.3.4 Transkripsjon

Då eg hadde gjennomført alle intervju, transkriberte eg alle samtalan, for å kunne analysere innhaldet. Ein teknisk feil på bandopptakaren førte til at intervjuet med programredaktør i NRK Super Nils Stokke likevel ikkje blei tatt opp. Eg transkriberte dermed eit utdrag frå ein episode av *Språkteigen* der han deltok og snakka litt om det same teamet som var relevant for oppgåva mi. I tillegg sende eg han nokre oppfølgingsspørsmål på e-post, som han svarte på skriftleg. Totalt utgjorde det skriftlege datamaterialet 72 sider transkribert materiale og e-post-svar.

¹ Intervjudatoar: Else Barratt-Due 27.11.12, Lasse Greve Alsos 04.12.12, Jørgen Strickert 05.12.12, Carl Henrik Grøndahl 06.12.12, Gjermund Stenberg Eriksen 12.12.12, Nils Stokke 13.12.12, Steinar Berthelsen 17.12.12 og Gunhild Nymoen 17.01.13.

I denne oppgåva var det informantane sine *meningar* som var viktige for å få svar på det eg ville finne ut av. Transkripsjonane blei difor gjennomførte ved å ha fokus på *innhaldet* i det intervjupersonane sa, ikkje korleis dei sa det, dersom det ikkje, etter mitt skjønn, var viktig for å få fram nyansar i meiningane til intervjuobjekta. Somme gonger kan småord ha tyding i form av at informantane er usikre på korleis dei skal formulere seg. I slike tilfelle tok eg med ”eh”, ”øh” og andre slike ytringar for å signalisere usikkerheit, medan der det, etter mi meining, ikkje utgjer noko tydingsforskjell, kutta eg det ut. Sitata som eg nyttar i analysen er omarbeidde for språkleg framstilling for å gjere dei meir samanhengande og lettare å lese.

3.4 Val av analysemetode

Målet med studien er å få tak i meiningar om korleis språket blir brukt. Analysen består dermed av å gjere ein kvalitativ innhaldsanalyse av dei transkriberte intervju med eit diskursanalytisk perspektiv (jf. Johnstone 2000:103 og 123). Ved hjelp av fargekoding av transkripsjonane samla eg dei ulike temaa som hørte saman, og klassifiserte årsakene til dei forskjellige språkvala som utpeika seg mest i ulike undergrupper, for så å diskutere desse funksjonane opp mot ulike teoriar om språkval (jf. Brinkmann og Kvale 2009:206 og 212). I ei slik hermeneutisk tolkingsramme møter ein refleksivitets-problematikken. Den går ut på at dersom verkelegheita er skapt sosialt, og at det finst mange rette måtar å oppfatte denne på, korleis kan ein i det heile tatt argumentere for at éin representasjon er betre enn ein annan? (Jørgensen og Phillips 2005:32). Ein slik sosialkonstruksjonistisk relativisme kan ein unngå ved å framstille resultata på ein måte som gjer at lesarane kan følgje tankerekka og kome med sine egne vurderingar undervegs, og ved å knytte forskaren si framstilling av verda gjennom ulike teoretiske perspektiv (op.cit.:152).

3.5 Reliabilitet og validitet

For at kvalitative intervju skal vere ein metode som er gyldig å nytte i ei undersøking, og som gir truverdig kunnskap, må dei vitenskaplege krava til reliabilitet og validitet vere oppfylte. Reliabilitet går ut på kor nøyaktig datainnsamlinga har vore, og kor truverdige resultata er (jf. Brinkmann og Kvale 2009:250). Validitet handlar om at det innsamla datamaterialet har relevans for det ein skal finne ut av, og reint konkret om val av informantar og spørsmål som er stilte er relevante for problemstillinga (jf. Akselberg og Mæhlum 2003:73). Ved å nytte bandopptakar og vere nøyaktig i transkripsjonen av intervju, er materialet innsamla på ein nøyaktig måte, og ved å intervju menneske som hadde ulik erfaring, kompetanse og ulik

innfallsvinkel til språket, oppnådde eg både breidde og djupne i samtalane. I utarbeidinga av intervjuguiden blei det vektlagt at spørsmåla skulle vere relevante for det eg ville finne ut, og i intervjusituasjonen var eg opptatt av å la informantane snakke så fritt som mogleg for at det skulle kome fram mest mogleg informasjon. Den systematiske datainnsamlinga og analysen av datamaterialet i denne oppgåva er gjort på ein måte som gjer at resultatane er pålitelege og at oppgåva er gyldig i form av at den undersøker det som er meininga at den skal undersøkje.

4 Resultat og analyse

Språket kan ha ulike roller i dramatikk. På same måte som ein får eit inntrykk av ein person ut frå varietetten vedkomande snakkar, får også publikum assosiasjonar til korleis karakterane *er* som menneske når dei snakkar i eit dramatisk stykke. Når ein skodespelar blir vald til ei rolle, følgjer det automatisk med ei tolking av karakteren, og dette skjer også når ein vel ein varietet til ein karakter. Menneska i den verkeleg verda kan i stor grad variere og tilpasse språket sitt, og dette kan også oppdikta figurar i dramatikk, men her er det andre menneske som har bestemt korleis karakteren skal snakke. Og nettopp dette utgangspunktet er interessant – kva seier dette om oppfatningane til ulike norske varietetar?

I dette kapitlet ser eg på kva for ulike funksjonar val av språklege uttrykk har, og kvifor desse konkrete språkuttrykka blir valde i ulike stykke. Vidare vil eg diskutere kva dette kan seie om språkhaldningar og språkideologi. Intervjuobjekta trekkjer fram ulike årsaker til og forklaringar på kvifor visse varietetar og variantar er valde. Språkuttrykka har både symbolsk og praktisk verdi. Resultata er presentert i dei mest frekvente hovudårsakene², og delt inn i følgjande underkategoriar: *praktiske årsaker*, *realistiske årsaker*, *kunstnariske årsaker*, og til slutt *idealistiske og ideologiske årsaker*. Mange av desse grunnane overlappar kvarandre, og kunne difor stått under fleire punkt. I slike tilfelle har dei blitt plasserte under den kategorien som blei vurdert som den mest føremålstenlege.

4.1 Praktiske årsaker

I dramaproduksjon er det mange praktiske element å ta omsyn til. Dette kan både gå på tid, tydelegheit og variasjon i språkbruken. Sjølv om ein kan ha veldig mange tankar og idear bak eit språkval understrekar alle informantane at det ofte er praktiske omsyn som til sjuande og sist er avgjerande for dei varietetane som blir valde.

4.1.1 Skilje karakterar frå kvarandre

Mange av informantane nemner at bruk av ulike varietetar har ein viktig funksjon i det å skilje ulike stemmer og dermed ulike karakterar frå kvarandre på ein tydeleg måte. Spesielt er dette viktig i radio, der lyttarane berre har stemmene å halde seg til. Det må difor vere tydeleg

² ”Årsak” er i denne samanhengen ikkje meint i ei naturvitskapleg forståing av ordet, men i ein kvardagsspråkleg meining.

kven som snakkar til ei kvar tid. Regissør Steinar Berthelsen seier: ”I hørespill går det fryktelig fort, og da er det viktig å høre raskt hvem som snakker. Da er dialekt og sosiolekt kjempeviktig³”. Dette er også produsent og manusforfattar Carl Henrik Grøndahl einig i. Han utdjupar:

Lyddrama er jo spesielt, fordi du ikke ser karakterene. På tv så er det jo så enkelt, for da ser du jo hvem det er. Hvis du hører en stemme, så tar du ikke hvem det er uten videre. Og det er veldig få skuespillere som har så karakteristiske stemmer at du gjenkjenner dem. Derfor er vi nødt til å bruke språket i stor grad for å karakterisere dem. Og så må en sørge for at navnet sies fort, slik at en skjønner ”åja, er det den”. Og det som er mest takknemlig i dette faget er naturligvis dialekt. For når du hører at en er sunnmøring, så vet du ”åja, det var han”, du kjenner han igjen på dialekten.

I Radioteatret seier regissør Else Barratt-Due og dramaturg Gunhild Nymoen at castinga av skodespelarane ofte skjer med tanke på at ein skal høyre forskjell på rollene, og at karakterane ikkje skal bli for like. Nymoen fortel om høyrespelet *Christiania* der dei opplevde at dei trong skilje meir mellom dei ulike rollefigurane: ”Vi skulle lage en Oslo-krim der alle karakterene skulle være fra Oslo, hvor alle karakterene hørtes like ut, selv om den ene skulle komme fra vestkanten i Oslo, og den andre skulle være litt mer øst”. Dette løyste dei ved at den eine karakteren snakka trøndersk.

4.1.2 Forståeleg varietet

Det er veldig synd hvis ikke folk får med seg det som er viktig at de får med seg.

Lasse Greve Alsos

Eit anna praktisk element som mange av intervjupersonane trekkjer fram er at språket som blir nytta skal hjelpe lyttarane. Det må vere forståeleg, og ikkje forvirre publikum.

Filmprodusent Lasse Greve Alsos viser til eit eksempel frå *Blåfjell 2* der skodespelar Toralv Maurstad snakka nordfjorddialekt:

Det vi gjorde da vi kom til etterarbeidet var at vi gikk inn og endra noen ord som vi syntes var vanskelige å forstå. For det var jo en barnefilm, så vi ville jo at barn skulle skjønne replikkene, de stod jo der for en grunn.

Berthelsen kommenterer også dette: ”Hvis dialektene er for spesielle eller spesifikke, så vil man jo kanskje generalisere det litt, opp til vestnorskaktig eller nordnorskaktig, for spesielle ord og uttrykk kan bli for vanskelige”. Vidare seier han at dersom dei likevel vel å ha med veldig lokale dialektord så er dette fordi det då er eit poeng at ein nettopp nyttar akkurat det

³ Dersom ikkje anna er oppgitt, er sitata henta frå intervjuet med informanten, sjå datooversikt over intervju i metodekapitlet.

ordet, og det må difor tyde noko viktig. Det er dermed ofte praktiske omsyn som er grunnen til at visse variantar eller visse varietetar blir nytta. Informantane som er med på å bestemme korleis språkuttrykket skal vere, ynskjer at språkvarieteteten skal vere forståeleg for dei som høyrer på. Argumentet er at innhaldet i ytringa må kome tydeleg fram. Kva som derimot blir oppfatta som forståeleg, vil jo likevel alltid vere eit definisjonsspørsmål, og variere frå person til person. Her speler det ifølgje Kristiansen (1996:334) også inn kor van ein er med å høyre andre dialektar, og viljen til mottakarane å forstå ulike språkuttrykk.

4.2 Realistiske årsaker

Andre grunnar til at ein varietet blir vald i eit høyrespel, ein tv-serie eller film er at ein ynskjer å gi publikum ein realistisk representasjon av språket. Sjølv om kva som er realistisk språkbruk alltid vil vere eit tolkingsspørsmål ut frå korleis kvar einskild oppfattar verda, samlar eg i denne årsakskategorien dei ytringane som trekkjer fram at målet er realisme.

4.2.1 Geolekt for å skape autentisitet

Ein viktig funksjon språket har, er å vise kvar eit stykke føregår, eller kvar ein karakter kjem frå. Dette blir gjort ved å nytte ulike geolektar. Tankegangen er at dersom handlinga i eit stykke er lagt til eit bestemt område, skal også karakterane så langt det lar seg gjere bruke dialekten som blir snakka på denne staden, jamfør definisjonen om at ein dialekt eller geolekt er knytt opp til bestemte geografiske område (t.d. Skjekkeland 2010:18). Programleiar og manusforfattar i *Hallo i uken*, Jørgen Strickert seier: ”Viss det er saker som heilt konkret handlar om ein stad, så vil det vere veldig rart å ikkje la rollefigurane snakke slik at det høyrer ut som om dei kjem frå den staden”. Dette påpeiker også Berthelsen: ”Det er jo noen ganger det ligger i historien fra forfatteren, og da vil det være påtatt og dumt viss man gjør noe annet”. Berthelsen trekkjer fram eit eksempel frå høyrespelet *Fox Trot* som handlar om Arne Treholt-saka, der det er eit viktig poeng kvar den eine karakteren kjem frå: ”Etterforskerne er jo fiktive, men det er litt viktig at han kommer fra en sånn industribygd, det stod Høyanger hos forfatteren, men det fant ikke vi, så han kommer fra Sunndalsøra”. Berthelsen forklarar dette språkvalet med at det har ein identifiseringsfunksjon og skulle støtte opp under bakgrunnen og Arbeidarparti-tilhøyrsla til karakteren. Skjekkeland (2010:70) understrekar samanhengen mellom språket og tilhøyrsla til ein bestemt geografisk plass: ”Staden blir ei ramme for felles opplevingar og samhandling. Talemålet blir grunnleggjande her, både som kommunikasjon og som ein samlande kulturell komponent”. I

tillegg er dette eit døme på korleis val av varietet blir ein identitetsmarkør ved i tillegg til å vise til geografisk tilhørsle, også viser til ei sosioøkonomisk gruppe via språket (jf. Sandøy 1996:107).

Men det er ikkje alltid ein karakter må ha den same dialekten som blir snakka ein stad for at historia skal vere realistisk. Til dømes peiker Alsos på at ein i Oslo kan nytte mange forskjellige dialektar, nettopp fordi det er ein stad folk flyttar til frå mange andre plasser. Han seier: ”I Oslo er det troverdig at man kan ha hvilken som helst jobb uansett dialekt, eller være på gata for den saks skyld”. Det er dermed ikkje berre språkleg heimfesting som er funksjonen til ulike varietetar. Dei er også med og speglar eit samfunn der det er geografisk mobilitet, og mange av innbyggjarane i hovudstaden er innflyttarar. Det er dermed ikkje eit krav i alle samanhengar at karakteren har den stadbundne dialekten.

Berthelsen understrekar kor viktig det er at skodespelarane kan dialekten dei skal framføre godt: ”For i radioen er det så nært og så tett på at viss du jukser, så blir det falskt, og da blir rollen falsk.” Han fortel om skodespelarar med Oslo-vest-dialekt som skulle snakke Oslo aust-varietetet: ”Jeg husker i gamle dager, da folk skulle prate, eller være drosjesjåfører eller sann, så blei det jo helt revy også på radioteatret eller på tv, så det ble så bredt og det klinger jo falskt, og da blir det jo løgnaktig”. Strickert seier at linja i *Hallo i uken* er at dersom ein ikkje kan snakke ein dialekt slik at det høyrer nokolunde realistisk ut, så skal dei heller la vere. Dei ynskjer ikkje å nytte tøysedialektar:

Då får vi det ekstra laget med klovneri som tar bort merksemd frå innhaldet, viss lyttaren ikkje greier å tenkje på noko anna enn at vedkomande snakkar ein tøysete dialekt, så har du på ein måte mista meininga med innslaget, for det er veldig sjeldan vi vil lage eit innslag som handlar om dét.

Nymoen påpeiker også at det at ein meistrar ei dialekt er eit viktig element med tanke på truverdet i historia. Ho seier at det i Radioteatret er ordet som skal seie noko om handlinga, og sidan all handling ligg i dialogane, blir teksten mykje meir framtrudande enn for eksempel i tv der ein har andre ting som også kan vere med på å fortelje historia. Ho seier: ”Selv om man ser at folk er veldig påpasselige, man får jo kritikk med en gang en ikke har ivaretatt en dialekt”. Manusforfattar Gjermund S. Eriksen meiner at det viktigaste er at fleirtalet av sjåarane godtar varietetet, og at det alltid vil vere folk frå den staden handlinga utspelar seg som ikkje synest dialekten blir framført overbevisande nok. Han trekkjer fram *Himmelblå* som eksempel: ”De snakka jo knakende godt nordnorsk, og jeg regner med at det stod mye

skriverier om håpløse dialektforskjeller, og at de ikke kommer fra den øya, men det ga vi andre blaffen i”.

Strickert poengterer også at det sikkert ikkje er alltid at ein treff hundre prosent på dialektane, men at så lenge majoriteten av lyttarane vil oppfatte sånn cirka kvar rollefiguren skal kome frå, er det greitt nok:

Der trur eg nok at vi tapar uansett, for det er klart at viss du kjem frå ein stad, så avslører du det på to setningar om folk klarer å snakke dialekten din. Så der tapar vi sikkert kvar veke, men då får vi heller tenkje at fleirtalet av lyttarane er jo ikkje frå den staden, så dei vil truleg tenkje ”ein bergensar” eller kva det måtte vere.

Vidare seier Eriksen varieteteten som blir nytta må vere god nok til at den høyrest truverdig ut. Han seier at så fort dei bryt ein av dei store reglane i varieteteten, så vil det skape ein avstand og dermed dra folk ut av fiksjonen, som igjen går ut over autentisiteten.

Berthelsen meiner at for å gjere geolekten frå ein bestemt plass på ein realistisk måte, treng ein ikkje nødvendigvis kome der frå. Han nemner *Den andre mannen i meg* som er eit høyrespel om Olav H. Hauge. Det er skrive og spelt av Henrik Mestad frå Oslo, og framført på hardangerdialekt. Dette var heilt essensielt for dette stykket, meiner Berthelsen, som hadde regien. Han meiner at stykket hadde mista botnen dersom det hadde blitt gjort på ein annan varietet enn hardangerdialekten, sidan det er så tett knytt opp mot Olav H. Hauge som person. Varieteten blir dermed ein identitetsmarkør som heng nøye saman med karakteren.

Mange av informantane påpeiker at ved å nytte dialektar blir det skapt meir tilknytning til, og identifikasjon med rollefigurane. Omgrepet dialekt blir i denne samanhengen brukt i motsetnad til ”ikkje-dialekt”, og i dette ligg det ein tankegang om at det finst eit nøytralt standardspråk (jf. t.d. Mæhlum 2009, Røyneland og Opsahl 2009). I tillegg er mange av skodespelarane i roller der det er forventa at dei skal snakke ein slags sør-austlandsk varietet, og dette lærer dei også på Teaterhøgskolen. Berthelsen seier:

Alle skuespillerne lærer å snakke østnorsk, eller sånn standard scenespråk på skolen, men jeg søker nesten bestandig etter å finne ut hvor de *egentlig* kommer fra. For de aller fleste er aller tryggest der, og sånn sett også best. Fordi de kommer tettere, nærmere på seg selv, og det høres.

Sjølv om skodespelarane lærer å snakke på denne måten, er det altså ikkje den varieteteten som blir føretrekt i alle situasjonar. I likskap med Berthelsen meiner Grøndahl at skodespelarane

spelar betre når dei får brukt den varieteteten dei har vakse opp med, og at språket dermed blir tettare og nærmare. Dette er også Barratt-Due inne på:

Hvis det er en skuespiller som skal komme nær noe veldig sårt, så med en gang de slår over på sitt ”morsmål” holdt jeg på å si, sitt opprinnelige språk, så er de nærmere følelsene, fordi det er det en lærte som barn. [...] Noen ganger burde man tenke gjennom, burde denne karakteren få lov til å snakke sitt opprinnelige fordi det er en såpass vond, sår ting de skal inn i at kanskje blir replikken bedre gjennom dialekten da, som de har opprinnelig, det kan man jo vurdere.

Det er ei vanleg oppfatning at språk og identitet heng saman, men dette kjem som tidlegare nemnt an på kva syn ein har på identitet (Mæhlum 2003:108). Når ein skodespelar skal portrettere ein annan person, og dermed snakke annleis, er det dermed ikkje sikkert dette blir det mest truverdige språket i alle situasjonar. På den eine sida kan ein difor argumentere for at dette representerer ei oppfatning om at språk og identitet er så nært knytt saman at det skin gjennom skodespelarane si rolle, og går ut over autentisiteten til karakteren, at skodespelarane blir for mykje ”seg sjølv”, og for lite ”karakteren”. Det kan i nokre tilfelle vere eit ideal at det skal vere skilnad på språket i verkelegheita og språket i dramatikk, og at denne avstanden blir markert gjennom språket. På den andre sida kan det hende at det gjeld den reint fonologiske og prosodiske meistringa av varieteteten skodespelarane skal snakke, at dei rett og slett ikkje beherskar varieteteten godt nok.

4.2.2 Sosiolekt for å skape autentisitet

Skal du ha en advokat som står i retten, så er det mye lettere å velge det man kaller en penere dialekt, enn en østkantdialekt.

Else Barratt-Due

Det å skape tilhøyrslø handlar ikkje berre om kvar i landet ein karakter kjem frå, men også kva status og kva sosial gruppering rollefiguren tilhøyrer. Barratt-Due seier: ”Skal du ha en rølpete dame som er litt sånn lett på tråden eller noe sånn, så velger du gjerne ikke en pen vestkantdame som spiller det i språket, du velger kanskje en med litt mer røffe konsonanter, a-ender og sånt noe, sosiolekt da”. Dette er også Strickert inne på:

Ein kan sjå for seg at dersom ein skal lage satire mot eit eller anna statleg, eit lovforslag, eller ei reform eller eit tiltak som satirepåstanden påstår at gangnar dei rike, så vil det vere meir nærliggjande å legge på ein eller annan sånn ”vestkantswung” av det som skal bli framført av tekst.

Vidare seier han: ”Viss nokon uttaler seg på vegne av hoffet, så legg vi til ein sånn oppstylda, litt sånn gammaldags fornem riksmålsmåte å snakke på”. Funksjonen til språket er dermed å

byggje opp truverdige karakterar ved å signalisere tilhøyrse til ei bestemt sosioøkonomisk gruppe. I tillegg blir skilnader i språkbruken eit signal på at språkbrukarane tilhøyrer ulike grupper (Sandøy 1996:105). Eriksen understrekar at det viktigaste med å nytte sosiolektar, er at det skal høyrst realistisk ut, og at folk trur på karakterane. Han meiner folk ofte bommar på dette i begge endar: ”Lavklasse blir gutta som ”kom hit og sett deg her og så skal jeg ta spenna dine”, ikke sant, det blir ordentlig grøftejævlig, og samtidig som overklassemennesker, eller maktmennesker snakker *utrolig* mye finere enn det de gjør i det virkelige liv”. Dette kan ha samanheng med at folk oppfattar språkvarietetar annleis enn det dei faktisk er, og at ein vektlegg og overdriv dei mest påfallande språktrekka når ein skal gjengi måten å snakke på – anten dette er medvite gjort eller ikkje.

4.2.3 Etnolekt for å skape autentisitet

I tillegg til geolekt og sosiolekt kan ein også nytte etnolekt for å signalisere tilhøyrse til etniske grupper. Programredaktør i NRK Super, Nils Stokke trekkjer fram tv-serien *AFI* som handlar om ei hip-hop gruppe bestående av ungdommar med fleirkulturell bakgrunn. Han seier:

For *AFI* var det viktig for oss å lage en serie som føltes realistisk og ekte for målgruppen. Det gjaldt både de ulike temaene som ble tatt opp i serien, for location, skuespillerne og også språket. Hvis det skulle være en serie fra Oslo, må karakterene og språket være lik slik barna opplever det i virkeligheten.

Dermed blir denne varietetten nytta for å skape eit realistisk bilete av korleis ungdommane snakkar. Ein sånn type varietet blir ikkje berre snakka av ungdommar med norsk som andrespråk, men også av etnisk norske ungdommar med norsk som morsmål (Svendsen og Røyneland 2008). Multietnolekten handlar dermed ikkje om kompetanse i norsk, men er knytt til identiteten og gruppetilhøyrsla i ein fleirkulturell ungdomsgjeng (jf. Opsahl 2009:23, Svendsen og Røyneland 2008:79). Berthelsen kjem med eit eksempel av bruk av etnolekt i høyrspelet *Ambulanse* av Johan Harstad. Der er ein av karakterane ambulansesjåfør og snakkar norsk med eit snev av pakistansk aksent. Berthelsen seier at grunnen til at dei valde denne varietetten, var at skodespelaren som spelte den rolla har pakistansk opphav sjølv, og kunne snakke denne varietetten på ein realistisk måte. Berthelsen meiner at det er viktig å vise fram mangfaldet i det norske språket: ”Der er vi tilbake til hele buketten, å vise alle fargene som er i den, og at det er blitt en del av det norske språket”.

4.2.4 Språklege varietetar som varer på den lingvistiske marknaden

Ein av funksjonane til ulike varietetar i dramatisk språk er å byggje *autentiske* karakterar. Ved å nytte geolektar, sosiolektar og etnolektar for å oppnå dette, spelar ein dermed på den symbolske verdien som ligg i dei ulike varietetane jf. Bourdieu (1991 og 1977) sin teori om lingvistiske marknader. Her ser ein på språk som varer, der "linguistic competence (like any other cultural competence) functions as linguistic capital in relationship with a certain market (1977:651). I dramatisk språkbruk er produktet ein skal "selje" dramatiske karakterar, og dette blir gjort gjennom språket. Som Da Silva et. al. (2007) og Heller (1999) påpeiker, er poenget med denne tankegangen å sjå på kva det språklege uttrykket representerer, og kva verdiar som blir formidla. Oppfatningane som er knytte til ulike språklege variantar eller varietetar blir dermed ressursar for å framkalle ynskete assosiasjonar og konnotasjonar hos mottakarane. For ei gruppe som skal skilje seg ut, kan det vere eit poeng å gjere bruk av andre språknormer som fungerer som gruppemarkørar, slik at ein blir unik på denne lingvistiske marknaden (Sandøy 2003:211). Ved å nytte seg av verdiane desse varietetane representerer, kan ein dermed få oppfylt ei forventa mottaking, og: "produce expressions which are highly valued on the markets concerned" (Thompson 1991:18). Slik nyttar ein seg av symbolverdien til dei konkrete språkuttrykka på den norske språkmarknaden ved å kjøpe autentisitet gjennom bruk av både geolektar, sosiolektar og etnolektar – anten det gjeld ein Arbeidarparti-politikar frå Sunndalsøra, ein talsperson frå hoffet, eller ein taxisjåfør med pakistansk aksent.

4.2.5 Unngå brot med realismen

Søstre som snakker ulike dialekter, det går ikke.

Gunhild Nymoen

Ein annan funksjon språket har er å unngå å skape brot med realismen i historia som blir fortalt. Barratt-Due understreker at alt må henge saman i eit stykke for at dei skal lukkast med å skape eit univers som lyttarane skal tru på, og at dette skjer gjennom språket. Alle informantane seier at dei prøver å hindre at det kjem eit realistisk brot dersom dette brotet ikkje har ein funksjon, og at det er eit poeng i handlinga at det skal vere slik. Om søsken med ulike dialektar seier Nymoen: "Da må det forklares, det må alltid forklares på en eller annen måte hvorfor de da snakker forskjellig dialekt, det er kjempeviktig". Ein karakter skal heller ikkje snakke om barndommen sin med ei heilt annan dialekt enn det som blir snakka på den staden der handlinga utspeler seg dersom dette ikkje blir forklart på ein eller annan måte i historia. Nymoen fortel at dei måtte gjere om heile bakhistoria til karakteren frå *Christiana*

som snakkar trønderdialekt men fortel om barndommen i Oslo, og at dei då måtte forklare tydeleg korleis dette hang saman. I radiohøyrespelet *Dommer Hamre* er hovudkarakteren frå Bergen, og Grøndahl fortel at det også var ynskjeleg at mora i stykket skulle snakke bergensk. Dette fekk dei derimot ikkje til: ”Men sånn kan du godta, ikke sant, at barn og foreldre har forskjellige dialekter, men søsken er litt vanskelig. Det bør jo være samme dialekt”. Grøndahl meiner dette har med truverdet til heile stykket å gjere, og dersom ein bryt med realismen i eit stykke, sit ein berre og irriterer seg i staden for å lytte.

Språket skal dermed representere verkelegheita på den måten at folk ikkje heng seg opp i at det er noko som ikkje stemmer. Samstundes er det ikkje alltid ein klarer å unngå slike realistiske brot. Eriksen trekkjer fram bruken av tynn *l* av karakterar i drama langt utanfor Oslo som eit døme på dette. Han seier: ”Det er klart at noen kan gjøre det, men når det høres ut som *alle* har gått på samme videregående i Oslo sentrum, så høres det ut som om Oslo sentrum er et annet sted og lager drama”. Han poengterer at det er mange historier som handlar om folk som ikkje er frå Oslo, og ein då bør ha ein god grunn til at den dama som er født og oppvaksen i eit område utanfor hovudstaden seier *glad i deg* (med tynn *l*).

4.3 Kunstnariske årsaker

Sjølv om målet i dramatikk ofte er å etterlikne verkelegheita best mogleg, er dramatikk fiksjon. Karakterane er ofte oppdikta, og ein har då moglegheita til å bestemme korleis dei skal snakke, og dermed nytte ulike varietetar som verkemiddel i kunsten.

4.3.1 Språk i fantasiverder

*Det er jo ikke logisk at en tusse som bor to hundre meter fra
Blåfjell har en annen dialekt, men det kan forsvares, fordi det er et
eventyrunivers.* Lasse Greve Alsos

Det er ikkje alltid ein treng å ta omsyn til at språket skal vere realistisk. Døme på dette er når historiene som blir fortalt ikkje skjer i verkelegheita, men i ei fantasiverd. Alsos nemner filmane *Blåfjell* og *Reisen til julestjernen*: ”De er eventyrfortellinger, så da kan en bryte reglene litt mer”. Språket som blir snakka er dermed også fristilt frå kravet om realisme. I slike døme kan ein ta seg kunstnariske fridomar, og plusse på tilleggselement som ein kan gjere nettopp fordi replikkane blir ytra i ei fiksjonsverd.

Berthelsen nemner høyrespelproduksjonen av *Peer Gynt* som blei gjennomført med ulike dialektar på alle karakterane i stykket. Berthelsen forklarar dette valet slik: ”For meg så handler det om at du da frigjør deg fra at det bare handler om hvor du kommer fra”. Han argumenterer for at med denne fridomen blir også varietetten ein større del av rollefiguren som heilskap. I dette høyrespelet snakka Peer Gynt og foreldra hans bergensk. Grøndahl seier:

Og så kan en jo lure på – var det mye bergensere i Gudbrandsdalen på 1800-tallet? So what? For dette er et stykke som ikke er realisme, det er fantasi. Du har en grønnkledd, du har hulder, du har troll, du har alt, ikke sant, så da kan du nesten gjøre hva du vil.

Eit anna tilfelle der konstruksjon av fantasiverder blir brukt er i *Hallo i uken* når ein vil unngå å knyte ei sak opp til ein bestemt geografisk stad for å unngå identifikasjon. Dette blei gjort då programmet skulle kommentere den etter kvart så omtalte ”lommemannen-saka”. Strickert utdjupar:

Dette var på alle måtar ein nasjonal sak eigentleg, på så mange vis. Men då hugsa eg at vi løyste det ved å finne opp ei bygd, eller ein større tettstad der alt det vi hadde lyst til å seie om dette lommekomplekset utspelte seg, slik at ein slapp å trekke det inn i alle andre moglege konkrete samanhengar.

Den varietetten som blei vald var ifølgje Strickert: ”ein slags ikkje-eksisterande blanding av trøndersk og gudbrandsdøl, der den primære markøren var at det ikkje var Oslo, ikkje Trondheim, ikkje Bergen, men eit eller anna allment”. Han understrekar at dette i utgangspunktet er ei håplaus oppgåve, for det språklege uttrykket vil alltid peike mot ein eller annan stad, og at det då blir eit spørsmål om korleis ein løyser ei håplaus oppgåve best mogleg. Vidare meiner Strickert at ved å bruke slike fantasistader, unngår ein å forvirre folk ved å legge handlinga til ein konkret stad. Han trur at då vil lyttarane fort tenkje at dei har gått glipp av ei sak frå denne plassen. Han seier vidare at dei bevisst prøver å ta bort det som gjer at lyttaren blir ført inn på eit eller anna spor når det handlar om allmenne politiske spørsmål. Funksjonen til val av språkleg uttrykk i denne samanhengen, er at varietetten ikkje treng å bli knytt opp mot verkelegheita, nettopp for å ikkje vise til ein bestemt plass. Dette blir både brukt i situasjonar om saker som har skjedd mange stader, at ein ikkje skal – ved hjelp av språket – avgrense det til å berre handle om éi sak, og det blir også brukt for å unngå identifikasjon med ei konkret sak, dersom ein ikkje vil gå direkte inn i saka.

4.3.2 Markere einskap eller kontrast

Ein annan funksjon bruk av ulike språklege uttrykk kan ha, er å nytte like varietetar for å skape einskap og ulike varietetar for å skape kontrast. Berthelsen fortel at når dei skal finne skodespelarar til dei forskjellige rollene i eit stykke, skal totalinntrykket av desse varietetane fungere saman. Nymoens peiker på at ein er opptatt av heilskapen i stykket: ”Tenker vi oss en med nordlandsdialekt i en rolle, så bør vi tenke motsatt, eller tenke en annen dialekt i den andre rollen. Og hvis da den med nordlandsdialekt ikke kan, og vi får en fra Bergen, så bør vi kanskje tenke om igjen i forhold til hvordan hele bildet høres ut”.

Alsos poengterer at val av varietet kan ha som funksjon å vise at nokre karakterar høyrer saman. Han trekk fram eit eksempel frå *Blåfjell 2*: ”Det var en tanke om at blånissene måtte ha cirka samme dialekt, og rødnessene måtte ha cirka samme dialekt, for det skal føles som en enhet”. Grøndahl nemner at dei nytta seg av den same funksjonen i *Peer Gynt* ”Det vi gjorde var å la han spille på bergensk. Det var Bjarte Hjelmeland som spilte Mads Moen. Og hans foreldre var også naturligvis bergensere. Så da ser du at det er en familie.” Sjølv om ei historie utspeler seg i ei oppdikta verd, kan ulike geografiske varietetar markere ei gruppetilhøyrse (t.d. Skjekkeland 2010:18, Røyneland 2005:114).

Motsett kan ein nytte ulike varietetar for å sette karakterar opp mot kvarandre, og markere kontrasten mellom dei. Berthelsen nemner eit eksempel frå *Foxtrot* der den eine etterforskarer kjem frå Sunndalsøra, og at dei difor ville ha ein austlending som kontrast, for å understreke ulikskapane mellom desse – ikkje berre korleis dei er som personar og som representantar som ulike geografiske stereotypiar, men også markere skilnaden mellom dei språkleg. Barratt-Due er inne på det same: ”Hvis du har en person som skal framstå som en helt, så vil du finne en varm stemme og en dialekt du synes passer her, og skal du ha en ubehagelig person så leter du etter noe som kan skape kontraster, gjennom stemme og språk, og dialektene”. Barratt-Due nemner at bruken av trønder-dialekten i *Christiania* har som funksjon å bryte opp ein kvartett der dei tre andre snakkar austnorsk.

Eriksen seier han har nytta seg av vage østfoldsreferansar på ein nyheitsredaktør i tv-serien *Mammon*: ”fordi nyhetsredaktører har en tendens til å komme fra et annet sted enn Oslo-gutta”. Han seier at dette ikkje først og fremst er for å skape ein meir truverdig karakter, men at språkuttrykket blir nytta som ein ”antydning til å ikke komme fra Oslo sentrum”.

Språkvarieteteten blir dermed vald ikkje berre for å markere tilhøyrsløse til ein bestemt geografisk plass, men for å markere kontrast og avstand frå Oslo.

4.3.3 Språklege stereotypiar – ressurs eller byrde?

Hvis et hørespill har en karakter som snakker stavangersk, og du påstår at det er en afrikaner – godtar du det?

Carl Henrik Grøndahl

I dramatikk blir språket også nytta som eit kunstnarisk verkemiddel for å presentere og byggje opp ulike rollefigurar, og ein kan bruke språklege klisjear på forskjellige måtar. Slike språklege stereotypiar i form av variantar eller varietetar er også ressursar på dei ulike lingvistiske marknadene, alt etter kva ein ynskjer å oppnå (Bourdieu 1977, 1991).

Representasjonen til språkuttrykket utgjer verdien til varietetane (jf. Da Silva et. al. 2007). Såleis kan ein sjå på slike språklege klisjear som ein ressurs fordi dei inneheld så mykje gratisinformasjon sidan dei har så mange konnotasjonar knytte til seg. Grøndahl poengterer at fordelene med å nytte seg av språklege stereotypiar er at: ”Du får så mye ekstra, du spiller på folks forventningar, og da har du det i tillegg til karakteren”. Han forklarar at dersom ein ynskjer å gi eit visst signal om ein rollefigur, er det lett å nytte seg av desse stivna oppfatningane fordi dei er så lett tilgjengelege. Dette er ein effektiv måte å skape bilete i hovudet på lyttarane, og som Meyerhoff (2006:296) påpeiker, har språklege stereotypiar stor attkjennings-effekt, sjølv om dei ikkje alltid er strengt nøyaktige. Desse språkuttrykka blir nytta både for å oppretthalde og for å bryte med eller utfordre oppfatningane som er knytte til dei. Grøndahl seier:

Det bergenske er en assosiasjon av akademi, storbykultur, den mest internasjonale byen i Norge, var, i hvert fall. Mens det nordnorske er mer urkraft, det mytiske, mystiske, drivkraft og utlevelse, så de to står litt mot hverandre. Hvis man går mot det, at man tar en akademiker som snakker kav nordnorsk, og en pøbel som er fra Bergen, så kan en bruke noe av det også, men hvis man vil gjøre det enklere, så tar man en akademiker fra Bergen og en rå naturkraft fra Nord-Norge.

Slik nyttar ein varietetar for å byggje karakterar på forskjellige måtar. Thompson skriv: ”The more linguistic capital that speakers possess, the more they are able to exploit the system of differences to their advantage and thereby secure a *profit of distinction*” (1991:18). Dette har ein full moglegheit til i dramatikk, nettopp fordi språket er planlagt, og ein kan dermed først bestemme seg for kva språkuttrykk ein vil nytte, og deretter finne verktøya ein treng for å oppnå dette. Barratt-Due understreker moglegheita ein har til å presentere eller forsterke karaktertrekk gjennom språket: ”Skal du ha en litt sånn bulldoser, så kan du ta en litt røff

bergenser for eksempel, som jo er en veldig sånn ... Det bergenske språket er jo litt sånn besserwisser og kanskje sånn ”kom-ikke-her”-greie, så det er jo klart man kan bruke det”.

Det er derimot stor skilnad mellom radio og tv når ein skal presentere karakterar, med tanke på kva hjelpemiddel ein kan nytte seg av. Grøndahl kommenterer:

Du kan tolke Peer Gynt bare i valget av skuespiller. Er det en heltetype? Eller er han liten og tjukk? Er han pen, er han stygg? Alt dette er valg du tar når du skal tolke rollen. Det går jo bare på utseende. Mens i radio er det med stemme og dialekt en tolker rollen. Du har bare språket, du har bare ordene.

Karakterteikning gjennom å bruke språket blir såleis ekstra viktig i radioen der ein ikkje kan støtte seg på fysisk scenografi og kostyme. Nymoen seier at dei er avhengige av språket for å lage eit bilete når dei til dømes skal presentere ein drosjesjåfør:

Da har vi språket til å si noe om hvem som kjører denne drosjen. At viss vi da ønsker at det skal være en med pakistansk opprinnelse, så er han nødvendigvis nødt til å ha en eller annen brytning, ikke sant, for vi ser jo ikke at han er fra Pakistan.

Ho understrekar samstundes at dersom dei nyttar eit etnolektfarga språk, må dette ha eit poeng i historia. Berthelsen understrekar også at det ikkje er uproblematisk å nytte slike varietetar eller stilar, og at ein bør vere klar over kva ein er ute etter, og kva ein vil fortelje lyttaren. Dette påpeiker også Grøndahl. Han seier at sjølv om det finst norske skodespelarar som kan snakke denne varieteten på ein overbevisande måte, bør ein vere forsiktig med å bruke denne dersom skodespelarane ikkje kan den frå før, for ”Den innvandrer-dialekten blir jo veldig fort klisjé”. Det er dermed eit ynske om å ikkje nytte ein etnolekt berre for å nytte den. Dette kan henge saman med at ein er redd for å generalisere opphavet til alle taxisjåførar, dersom ein ikkje kan grunngi valet med at det har ein funksjon i stykket. Samstundes kan ein jo argumentere for at det – i Oslo – eksisterer ein del taxisjåførar med pakistansk bakgrunn, og at det er ein grunn til at folk forbinder denne etniske gruppa med dette yrket. Denne assosiasjonen blir dermed ein grunn i seg sjølv til å nytte dette som eit attkjenningselement i dramatikken. Her blir det ei avveging om kva sider av verkelegheita ein vil vise. Her kan ein også tenkje seg at det ligg ei redsle for å generalisere det som stundom kan bli oppfatta som ei svak gruppe i samfunnet, og at det kan vere lettare å tulle med større grupper av talemålsbrukarar som har vanskelegare for å oppfatte det som stigmatisering.

Mange av informantane poengterer at bruken av språklege stereotypiar er knytt opp til at ein har dårleg tid til å presentere ein karakter. Strickert understreker at dette heng saman med tydelegheit i det ein ynskjer å få fram, og at alt bør dra i same retning når ein skal byggje opp under ein rollefigur. Han seier:

Det vi først og fremst bør sjå på, er kva som står i teksten, og korleis vi kan kommunisere det så effektivt som mogleg. Hjelper vi lyttaren ved å la han snakke trøndersk, så gjer vi det. Viss vi hindrar han, så lar vi han vere. Fordi vi har så dårleg tid, og berre eit halvt minutt på å seie det som vi har tenkt til å seie.

For å byggje karakterar, bør ein dermed gjere det på så kort tid, og så effektiv som mogleg. Han seier vidare: ”Viss teksten handlar om noko som er meir allment, som har med dop å gjere, så ville eg tenkt å la det vere ein sliten Oslo aust. Pinleg å seie det, men det er jo betre å vere ærleg med deg som skriv oppgåve i det”. Nymoen uttrykker at det å bruke og det å bryte stereotypiar er to ulike verkemiddel som står i motsetning til kvarandre, og som begge har ulike fordelar, og som ein må ta ei avgjersle på kva ein skal bruke: ”man har jo lyst til å løse opp stereotypiske karakterer, men samtidig er det en hjelp veldig mange ganger til å få dette bildet av karakteren”. Dette er eit dilemma ein kontinuerleg må ta stilling til når ein skal bestemme korleis rollefigurane skal snakke. Frå denne synsvinkelen kan ein argumentere for at bruken av stereotypiar er ein ressurs, og at dei haldningane som er knytt til ulike språklege varietetar på ein effektiv måte kan bli henta fram for å vise fram poenget sitt, jf. det Garrett (2010:4) kallar *cognitive shortcuts*. Ved å nytte seg av stereotypiane på denne måten spelar ein på fortventa mottaking hos publikum.

Samstundes som ein kan nytte seg av dei språklige klisjeane som eit hjelpemiddel for å byggje karakterar, kan ein også vri på desse stereotypiane. Mange av informantane understrekar at det difor er viktig at ein er medviten på kva det er ein driv med og kva ein ynskjer å oppnå. Berthelsen poengterer:

Språk som lyder og som musikk er jo klisjéer. Når vi legger en dialekt på en rolle så sier vi jo noe med det, som gjør at de fleste oppfatter noe som allerede er der. Og det blir utfordringa – skal vi enten bekrefte oppfatningene, eller skal vi gjøre noe med dem? Og der må en være bevisst. Alle dialektene har jo egentlig sitt preg, om du er fra Østfold får du lide for å være litt ... eller om du er tjatrete bergenser, eller treig innlandsøstlending, det ligger visse oppfatninger i alle disse. Så det er en utfordring.

Ein kan gjere det motsette av det ein tenkjer folk forbinder med ein viss varietet, og bevisst nytte varietetten for å framstille ein karakter annleis enn den etablerte oppfatninga for å unngå

å stadfeste stereotypiane som ei sanning. Ved å i denne samanhengen vurdere språket som varer på ein marknad, kan ein difor tillegge dei ein ny verdi (jf. Heller 2003, Martin-Jones 2007). Skjekkeland (2010:65) viser til korleis ein ved å skape nye verdidommar gjennom talespråket kan endre haldningar til språkbrukarane. Det er derimot ikkje berre éin ting å ta omsyn til når ein jobbar med dramatik. Grøndahl seier at ein i djupe stykke gjerne vil bryte med klisjeane som er knytt opp mot språk, men dette kjem både an på kor stor rolla er, og kor lang tid ein har for å etablere dei ulike karakterane. Dette blir igjen eit spørsmål om tid, til betre tid ein har, til meir kompleks og samansett kan ein gjere karakteren, også når det gjeld språket. Grøndahl nemner eit eksempel frå serien *Kongshavn*: ”Der var det en partisekretær i Arbeiderpartiet som var beintøff. Han snakket søt hedmarksdialekt”. Her var målet å bevisst gå mot stereotypiane for å bryte med dei, og utfordre eksisterande haldningar. Slik kan ein understreke eit poeng i val av språkleg varietet. Barratt-Due understrekar at for at det skal vere mogleg å vri på stereotypiane, må historia opne for at dette skal kunne gå an. Dette var mogleg for søstera til ein av hovudkarakterane i *Christiania*:

Han kommer fra en veldig pen familie, men som er helt dysfunksjonell, med en mor på Vinderen psykiatriske og en søster som da er blitt narkoman. Hun er jo narkoman, hun snakker pent, bor i en leilighet på Frogner som faren betaler. Men hun har jo en dialekt, en sosiolekt som er en pen vestkantsosiolekt.

På den andre sida meiner Barratt-Due at slik motarbeiding ikkje må bli for openlys: ”Vi kan godt motarbeide det litt, det går fint altså, men bare det ikke blir overuttrert, at det blir alt for tydelig”. Grøndahl poengterer det same som Nymoén var inne på om bruk av taxisjåførar med etnolekt at dersom ein vrir på ein språkleg stereotypi, så bør det vere ein tanke bak det: ”Det må være et kunstnerisk poeng. Altså hvis du har en professor som snakker som en narkoman, så må du ville noe med det, ikke sant, ikke bare fordi det er morsomt”. Han understrekar at dersom dette blir brukt, så er det ein del av karakterteikninga eller handlinga som er veldig medvitent gjort, og at språkuttrykket må ha ein funksjon. I dette ligg det ein tankegang om at det er nokre språkvarietetar ein ikkje kan nytte utan at desse blir markerte. For at eit språkleg uttrykk skal bli sett på som markert, må nødvendigvis også det motsette eksistere. Dersom ein nyttar eit anna språkleg uttrykk enn det som er forventa, vil det dermed bli ein kontrast til språkuttrykk som blir oppfatta som ”vanleg” og ”nøytralt” og som i det norske språksamfunnet er oslomålet eller talt bokmål (jf. Røyneland og Opsahl 2009, og Røyneland 1994 og 2005).

Vidare uttrykker Berthelsen at det ikkje alltid er uproblematisk å vite korleis ein skal rettleie skodespelarane i utforminga av karakteren sin varietet:

I *Foxtrot* for eksempel, er det mange som har fått beskjed om å bruke dialekt, og da kommer de selvfølgelig tilbake og spør hva som menes med det. Jeg kommer fra-, men skal jeg bruke *eg* eller skal jeg si *jeg*, for eksempel. Det kan bli veldig spesifikt, for en kan fort bli bonde eller fisker, og da er vi tilbake til klisjeene. Fordi det foregår her, og da må vi prøve å definere og være så kloke som mulig i forhold til hvilke signaler vi vil gi til lytteren i forhold til den rollen. Og den diskusjonen blir jo spesifikk for hver rolle.

Her poengterer Berthelsen at ein må balansere ulike omsyn når ein arbeider med varietetar og språklege klisjear. På den eine sida vil ein ikkje bekrefte stereotypiane, men på den andre sida vil ein heller ikkje forvirre lyttarane. Fleire av informantane understrekar at det ikkje er uproblematisk å køyre på med andre varietetar på karakterar enn det lyttarane forventar. Dette kan gjere at ein endar opp med at mottakarane dett av lasset. Barratt-Due uttrykker: ”En kan sikkert gjøre et forsøk på det, men det er ikke sikkert publikum tar det du prøver å fortelle”. Berthelsen seier:

Vi må være tydelige på signalene vi gir, og vi må definere hva klisjéen er. Vi må bestemme den. Og må da gjøre det klart. Og viss vi skal forandre den, så må vi få med oss lytteren på den forandringa, og da må vi være sikre på hva vi gjør.

Språket og den aktuelle varieteten som bli nytta, skal dermed ikkje jobbe mot publikum slik at dei heng seg opp i kvifor den aktuelle dialekten blei vald, i staden for å konsentrere seg om handlinga. Funksjonen til språket i denne samanhengen er å vere så tydeleg som mogleg på det ein ynskjer å kommunisere. Strickert utdjupar:

Alle desse spørsmåla er jo mykje meir samansette enn det vi gir uttrykk for. Fordommar generelt, eller ikkje fordommar nødvendigvis, men stereotypiar, alt er jo så mykje meir samansett og mangfaldig enn det. Sånn at det vi driver med da, vi forsterkar jo berre på ein måte det som allereie måtte finnast, men vi gjer det på ein måte i den gode saks teneste, og eg meiner ikkje at – eg forsvarer det eigentleg ikkje no altså, men eg grunngir korleis eg iallfall tenkjer – og eg trur sikkert også fleire tenkjer om det, for dersom du skal ha ein narkis som snakkar pent bergensk, så vi jo motspørsmålet med ein gong vere: er det *det* du vil seie om den personen?

Ynsket om å vri stereotypiar står i motsetnad til ynsket om å vere tydeleg. Språklege stereotypiar er på den eine sida eit effektivt verktøy når ein har kort tid på seg til å presentere ein karakter, og ein skal formidle mykje informasjon om karakteren. På den andre sida risikerer ein ved å nytte seg av desse klisjeane å stadfeste og underbyggje fordommar. Men sjølv om ein kan ha eit ynske om å bryte med dei språklege stereotypiane for å skape eit større språkleg mangfald, er det ikkje alltid så enkelt å få det til fordi det kan ende med

forvirring. Strickert påpeiker at signala dei sender ut skal vere tydelege, og dette går ifølgje han ut over moglegheita til å vise mangfald og ha mange lag med mening:

Viss det er sant, det som eg trur då, så tyder det rett og slett at radiosatire, eller kanskje radiohumor til og med, er per definisjon konserverande. Det er konservativt i sitt vesen fordi all tydelegheit er så viktig. Mens på ein scene vil du på ein annan måte få vist dei mest mangfaldige og samansette – kanskje til og med kvinnelege frisørar som er lesbiske, du kan gjere mange interessante ting som finst i verkelegheita. Du kan på ein heilt annan måte gjenspegle mangfald. Mens vi er mykje fattigare på eit vis då, fordi vi først og fremst må tilfredsstille kravet til tydelegheit.

Avgrensing i tid er grunnen til at ein både nyttar stereotypiar, men også at ein unngår å bryte dei – sjølv om ein har moglegheita til det, av frykt for at innhaldet ikkje skal kome tydeleg fram. Dermed blir det eit spørsmål om kva som er viktigast, å vere tydeleg i kommunikasjonen, eller å leike seg med språket, og bruke dei moglegheitene ein har til å bryte klisjear, skape uventa bilete og utfordre publikum – sjølv om dette kan føre til at mottakarane blir forvirra. Kva som er ”rett” måte å gjere dette på, er vanskeleg å svare på, men det reiser nokre interessante spørsmål. Kan det vere at ein undervurderer emna til radiolyttarane å oppfatte samansett informasjon? Korleis stiller ein seg til Grøndahl sitt spørsmål i starten av dette underpunktet? Og har Strickert heilt rett når han uttrykker: ”ein homoseksuell mann som ikkje høyrest ut som ein homoseksuell mann – på radio er ikkje han homoseksuell, då er det jo berre ein mann”?

4.4 Ideologiske og idealistiske årsaker

I og med at handlinga i dramatik er fiksjon og planlagt språk, har ein fridom og moglegheit til å ta språkval der funksjonane ikkje har praktiske, realistiske, eller kunstnariske årsaker, men der ein kan velje å nytte varietetar på grunn av ideologiske eller idealistiske årsaker, og dermed skape ei verkelegheit gjennom språket.

4.4.1 Osломål – eit nøytralt språkuttrykk?

Ein annan funksjon planlagt språkbruk kan ha, er at ein ynskjer at varieteten som blir nytta skal vere eit så nøytralt språkuttrykk som mogleg. Dette ynsket om nøytralitet har ulike grunnar. Strickert seier om innslaga i *Hallo i uken*:

Det er jo veldig ofte eit spørsmål om å få ein eller annan maktposisjon til å seie eit eller anna, anten mykje meir sannare eller mykje meir tøysete han eigentleg ville ha gjort. Og då prøver vi som regel å vere ganske sånn nøkterne trur eg, å legge det til eit eller annan sånn ”intetsigende” bokmål, som betyr så lite som språkuttrykk.

Det er dermed ei oppfatning om at denne varieteten indekserer lite, og ber i seg relativt lite symbolsk innhald. På spørsmål om dette er fordi eit slik språkuttrykk blir opplevd som nøytralt, svarer han: ”Ja, rett og slett. Og for at så mykje som mogleg skal ligge i det tekstlige innhaldet, og ikkje så mykje i språket”. Poenget med å velje ein slik varietet, er at fokuset skal vere på informasjonen som blir formidla, meir enn *korleis* det blir formidla. Samstundes understrekar han at ”det er jo klart at tonen i teksten likevel vil peike mot eit eller anna dialekt- eller sosiolektuttrykk”. Det same uttrykkjer Berthelsen: ”Du kan si: ”ja, snakk bare sånn helt vanlig Oslo. Eh ... hva er det?””. Sjølv om eit språkuttrykk blir oppfatta nøytralt, tyder det dermed ikkje at det *ikkje* signaliserer noko, og Berthelsen poengterer: ”Språket er aldri allment. Det er alltid spesifikt. Samme hva du gjør, så betyr det noe”.

Ein annan mogleg funksjon til ein ”nøytral” varietet i dramatikk er å markere kontrast til ein etnolektisk språkstil. Nymoen nemner eit eksempel frå høyrspelet *Christiania* der ein av karakterane har indisk bakgrunn, og er opptatt av å ha det korrekt og ryddig rundt seg. Ho seier: ”Ting skulle foregå på riktig måte, klærne hennes var aldri i uorden, hun hadde ikke et rølpete språk. Hun var også opptatt av å ha det korrekte norske språket, fordi ingen skulle ta henne på noe, at hun ikke var norsk egentlig”. Karakteren snakkar dermed umarkert oslomål, jamfør tankegangen om denne varieteten står i eit motsetnadsforhold til ein markant og utprega måte å snakke på, og dermed signaliserer det motsette (jf. Røyneland og Opsahl 2009, og Røyneland 1994 og 2005). Slik kan ein gjennom språket vise samanhengen mellom karaktertrekka og språket, og her er det mangelen på etnolektiske trekk som understrekar korleis ho er som person, og bakgrunnen hennar blir såleis forklart på andre måtar.

Barratt-Due understrekar viktigheita av at skodespelarane skal kunne austnorsk: ”Det er jo gull for skuespillerne å kunne østnorsk. Det må de på en måte lære”. Ho fortel om ein krim ho skal regissere, John Dickson Carr:

Når jeg skal rollebesette den, er det helt umulig å velge dialekter, det går ikke. Vi skal inn i et britisk univers, og der er det ingen nordlendinger, så da blir det vanskelig. [...] Det er ikke noe poeng der å hente folk fra Nord-Norge, for de har ikke noe å gjøre i den serien, det er sånn det bare er. Det blir helt feil konnotasjon for lytterne, hva ville de med det da, ville lytterne tenke, og da måtte vi villet noe helt spesielt med det, og da ville vi kanskje bryte sjangeren helt, og det vil vi jo ikke. Så der er det om å gjøre å finne karakterer som mestrer det østnorske, og som gjør at vi kan komme inn i den britiske krimmen, en gammel klassiker som vi skal gjøre med nytt språk.

Fleire av informantane er einige i at austlandsk eller talt bokmål blir rekna som nøytralt og umarkert, sjølv om ikkje alle er einige i at det burde vere slik. Berthelsen seier: ”Jeg har inntrykk av det blir oppfatta sånn, men det er ikke min mening”. Mæhlum (2009) hevdar at det i Noreg er ein svak standardideologi, sidan det ikkje er ein utbreidd tankegang om at det berre er éin måte å snakke korrekt norsk på. Men trass i at ikkje alle er einige i at det eksisterer ein nøytral og umarkert standardvarietet, tyder ikkje dette at det ikkje gjer det. Utsegna til Strickert og Barratt-Due tyder på at det finst ei slik oppfatning om talt bokmål eller oslomålet som er med og spelar inn på språkvala når ein i teorien står heilt fritt til å velje korleis karakterane skal snakke. Det er dette Mæhlum (2009) kallar *normideal* eller *mental standard* og som dermed fungerer som ein slags *operativ norm*. ”Dette er en varietet som normalt inngir prestisje og autoritet, og for mange fungerer den som et mønster, målesnor eller mental rettesnor som de i større eller mindre grad velger å innrette språkbruken sin etter” (Mæhlum 2009:13). Når Strickert seier at dei vil finne fram til ein varietet som ”betyr så lite som mulig som språkuttrykk” kan ein dermed argumentere for at det er denne mentale standarden som er ei rettesnor for språkvalet.

I tillegg kan ein språkvarietet ha ein dobbel signalverdi, jf. Mæhlum: ”Én og samme kode er altså i stand til å signalisere fundamentalt forskjellige verdier, både som et geografisk *nøytralt* og et geografisk *markert* talemål” (2009:14). Dette gjeld for Carr-stykket til Barratt-Due, der ein ikkje berre ynskjer å formidle eit ”ikkje-geografisk” språkval, men også å markere tilhøyrsele til ei sosial overklassegruppe, som historisk sett er Oslo, og som dermed kan bli rekna som eit geografisk *markert* talemål. Mæhlum skriv:

Også i Norge tenderer det å være slik at *graden* av dialektbruk er tilnærmet omvendt proporsjonal med språkbrukernes sosiale status og prestisje. Det vil si at jo høyere opp i det sosiale hierarkiet et individ befinner seg, jo sterkere vil de sosiale forventningene – og likeså sannsynligheten – være for at vedkommende vil bruke et standardnært talemål (2009:15).

4.4.2 Identifikasjon, variasjon og mangfald

Å vise alle fargene i buketter er en greie i seg.

Steinar Berthelsen

Informantane er opptatt av å vise fram mangfaldet i det norske språket, både når det gjeld dialektar, etnolektar og sosiolektar. I intervju uttrykkjer dei at dei synest det er viktig å nytte seg av ulike språklege varietetar for å få variasjon i formidlinga og skape identifikasjon med publikum. Grøndahl seier ein kan bruke ein varietet for å ”skape tilhørighet eller gjenkjennelighet som er en kvalitet i seg selv”. Dette er også NRK Super opptatt av. TV-

kanalen har som mål at barna skal identifisere seg med det dei ser på tv. Programredaktør Stokke seier at språk kanskje er noko av det viktigaste dei lærer norske barn, og dette inneber også at ein må ta omsyn til det norske språksamfunnet. Han seier:

Vi tror at når barn hører andre som snakker som dem, så ser de at de barna er viktige, da er jeg viktig. Det er grunntanken i Super. Derfor har vi krevd, tvunget, hva som helst, dubbingfirmaene til å bruke mye dialekt både blant barn- og voksenstemmer. Og ulike dialekter i samme serie. Det vil si at du kan ha en serie hvor moren er fra Tromsø, faren er fra Bergen, læreren er fra Hamar og bestevenninnen er fra Fredriksstad. For det er sånn hverdagen til norske barn er. (*Språkteigen* 9.9.12)

Stokke meiner at NRK Super har eit språkleg ansvar for å styrke norske barn sin identitet.

Han utdjupar:

Det betyr at barn skal se andre barn på skjermen, andre barn som er opptatt av de samme tingene som dem selv, som har de samme spørsmålene og følelsene. Denne identitetsbyggingen er selvsagt avhengig av at de på skjermen også snakker et språk og på en måte som andre barn identifiserer seg med. Samtidig kan vi ikke oppfordre til å snakke grammatisk feil. Manuset til barna er skrevet normert men vi lar barna som oftest snakke på sin egen måte.

Dette sitatet representerer ein tankegang om at det er ein nær samanheng mellom språk og identitet. Språket blir oppfatta som ein identitetsskapande faktor, og for NRK Super er det difor viktig at barna skal kjenne seg igjen i språket som blir snakka på tv. Vidare kan ein argumentere for at val av varietet i slik planlagt språkbruk heng saman med karakteren og karaktertrekka til denne personen, i og med at målet er at barna skal kunne identifisere seg med personane dei ser på skjermen. Ser ein dermed på dette frå eit meir konstruktivistisk synspunkt vil den sosiale identiteten til dei ulike karakterane bli til i møter med andre, og variere frå situasjon til situasjon (jf. Røyneland 2005:114). Identiteten blir såleis definert ut frå kva grupper ein tilhøyrer. Slik blir identiteten konstruert gjentatte gonger, og språkvalet fungerer som eit identitetsval (jf. Le Page og Tabouret-Keller 1985). Det kan dermed hende at ein karakter via språket blir plassert i ei gruppe det ikkje er sikkert publikum identifiserer seg med, sjølv om dei identifiserer seg med varietetten som blir snakka. Motsett kan det også tenkjast at ved å identifisere seg med karakterar som snakkar annleis enn seg sjølv, vil dette kunne opne opp for auka forståing og kunnskap. Stokke seier:

Ved å vise samisk språk på måten det skjer i *Hjerterått* tar man på alvor hvilken posisjon det samiske språket og kulturen har i Norge i dag. Hvis serien klarer å bygge ned noen fordommer mellom samer og ikke-samer er vi veldig stolte av det.

Det kan også tenkjast at det er nokre grupper der sambandet mellom språk og identitet gjeld sterkare i nokre tilfelle enn andre, og sterkare for nokre grupper enn andre (jf. Røyneland

2005:118). I dette høvet kan dette gjelde for ein multikulturell ungdomsgjeng i *AFI*, eller samiske ungdommar i *Hjerterått*.

Mange av informantane trekk fram at variasjonen av språkvarietetar er ein viktig verdi i seg sjølv. Strickert seier at ein i *Hallo i uken* nyttar dialektar for å få variasjon i sendinga, slik at ikkje alt skal høyrast likt ut sidan radioprogrammet trass alt skal handle om heile Noreg. Eriksen seier: ”Viss alle er finslepne vestkantfolk, så blir det ganske flatt og stusselig”. Barratt-Due seier om bruken av ulike varietetar at: ”Det spriter litt opp, det skaper en annen stemning”. Berthelsen meiner bruk av ulike varietetar ”gir smak og lukt og farge til innholdet eller til hørespillet, rollene og helheten”.

I tillegg til å nytte ulike varietetar for variasjonen sin del, meiner informantane dei har ei viktig oppgåve i både å ivareta og løfte fram det språklege mangfaldet. Dette heng også saman med målgruppa til dei ulike tv-seriane, filmene og radioprogramma: lyttarane er folk frå heile landet. Nymoen seier: ”Vi kan jo innenfor radio forflytte oss til hele Norge, og det er jo viktig å forstå at vårt samfunn på en eller annen måte handler om mer enn rundt oslokjernen her hvor vi er og hører til”. Ho trekk også fram viktigheita av å vise fram fleire sider av verkelegheita: ”Vi ønsker å gjenspeile flere lag, og flere deler av et samfunn, så da er vi jo nødt til å bevege oss utover oslogryta”. Dette er også Barratt-Due inne på. Ho nemner ein bygdekrim Radioteatret sette opp for ein del år tilbake, *Svart arv* av Magnhild Bruheim, der det blei nytta dialektar frå ulike område i Hedmark. Barratt-Due kommenterer ”Det ble veldig morsomt, for det ble jo bygdekrim, du fikk bygda inn, og det er litt okei, i stedet for Oslo 3, som er liksom den klokken som har stått over en del av Oslo”.

Barratt-Due er også opptatt av å få inn ulike etnolektar i historiene dei skal fortelje. Ho seier: ”Jeg synes det er innmari gøy å se at vi kan bruke nye språkuttrykk, både av det som skjer gjennom kulturelle- at vi får andre folk inn som ikke har vårt språk, men også hvordan vi kan ha det litt gøy i vårt eget språk fra dialektene som vi kan bruke og som forteller noe helt nytt da”. Ho meiner det er flott å formidle rikdommen som finst i dialektane:

Jeg tenker på Garborg. ”Ho er mager, mjuk og mjå”, sånne vidunderlige vakre former som ikke fins i østnorsk. En rikhet, en varme, musikalitet, ting som det er utrolig vakkert å få være med på. Vi er jo veldig heldige, et veldig rikt land med mange flotte dialekter. Så jeg tenker det er jo veldig spennende, ikke minst for oss som er vokst opp her, å komme nær og få lov til å bli beriket selv, og være med å berike andre gjennom den enorme arven vi har, og det vi står i av hvordan kultur kan formidles, så jeg vil jo si at det er en rikdom i dialektene våre som er en veldig fin ting å kunne formidle.

Dette representerer ei haldning om at varietetsmangfald er bra, og at ein har eit ynske om å vise det fram. Trudgill (2002:31) hevdar som nemnt at Noreg er eit av dei landa i verda som har størst aksept for dialektar. Dette heng truleg saman med at ein høyrer mange former for varietetar i media og i mange offentlege samanhengar. Det motsette har skjedd i t.d. Frankrike med nedvurderinga av ikkje-standard franske dialektar, som har fått følgjer for varietetsbruken i media: "Since the introduction of radio and television in France the prestige and diffusion of the Ile de France dialect has increased to the detriment of nonstandard dialects and non-official languages" (Bourhis 1997:311).

Sjølv om det er ei generell oppfatning i Noreg om at språkleg mangfald er bra, er det derimot ikkje alle som meiner dette varietetmangfaldet skal vere eit mål i seg sjølv. Eriksen meiner ein ikkje treng å overdrive bruken av dialektar. Han uttrykkjer: "det skal ikke se ut som et politisk korrekt manifest av at her er hele Norge representert, det har det vært nok av eksempler på i norsk historie. At karaktergalleriet høres ut som et lite storting". Han meiner mangfaldet ikkje må bli overtydeleg, og at fokuset heller bør vere på å få dialogane i drama til å fungere: "Folks holdninger til norsk drama har jo vært veldig prega av at norsk dialog fungerer ikke, de snakker teateret, teaterscenen inn i skjermen. Det er den viktige kampen å komme videre fra, og ikke i det hele tatt å vise fram dialektballetten i norsk offentlighet".

Men sjølv om det ofte er ynskjeleg å vise fram mangfaldet, er det derimot ikkje alltid det er praktisk gjennomførbart. Her er ein tilbake til spørsmålet som også gjaldt for stereotypiar at ein kan risikerer å miste publikum dersom det er for mange element å ta stilling til. Strickert peiker på at det er så mange ting som skal kommuniserast, at ein vil gjere det på ein enkel måte, og unngå forvirring. Han seier:

Ein geografisk knagg er på ein måte ein knagg ekstra, og kvar sånn ekstra knagg ein heng på blir eit ekstra hinder for lyttaren tenkjer eg, det er så vanskeleg å henge med, kven folk er, kva slags relasjon dei har til kvarandre, kva dei meiner, kva dei står for, på så veldig kort tid.

Vidare utdjuvar han: "Fordi vi jobbar innanfor eit format som aldri er meir enn tre minutt, trur eg at i tillegg til å etablere at vi er eit slik og ein sånn stad – viss ikkje det er heilt nødvendig for saken – blir ein omveg som er dum både for oss som prøver å kommunisere og for lyttaren, at det blir meir til bry enn noko anna". Anten kan ein velje å nytte variasjon for variasjonen og mangfaldet sin del, sjølv om ein kan risikere at dette er eit forstyrrende

element for publikum, eller så kan ein nytte varietetar for å skape meir mangfald. Strickert på si side seier: ”vi ofrar mange av dei tinga som kunne gjort sendinga meir mangfaldig og rik, rett og slett for å oppnå tydelegheit”. Ein står dermed igjen med avveginga om kva som er viktigast – å nytte variasjon eller å vere tydeleg

4.5 Oppsummering: Ulike funksjonar og haldningar til språk

Grunnane til vala som blir tatt i dramatisk språk er mange, og viser eit komplekst og samansett bilete, der det er mange ulike element å ta omsyn til. Det er både praktiske, realistiske, kunstnariske og idealistiske og ideologiske vurderingar som ligg til grunn for dei språkvala som blir tatt i dramatik. Mange gonger er det dei praktiske og pragmatiske grunnane som er avgjerande når eit språkval blir tatt. Dette går ut både på å skilje ulike karakterar frå kvarandre, at språkuttrykket skal vere forståeleg og at skodespelaren må framføre varietetten på ein truverdige måte. I tillegg er tid og tydelegheit to viktige og avgjerande faktorar når ein skal bestemme varietetten til ein karakter. Samstundes nyttar ein ofte språklege varietetar som verkemiddel for å få fram ulike poeng. Ein kan sjå valet av dei ulike språkuttrykka i lys av teorien om lingvistiske marknader, og språket som vare. Ved å vere medviten på den symbolske kapitalen dei ulike språkuttrykka har, kan ein dermed oppnå ynskta reaksjonar hos mottakarane, som er ein faktor i val av varietet. I tillegg kan ein knyte desse språkvala opp mot ulike perspektiv på identitetsomgrepet, språklege stereotypiar og standardtalemål.

5 Oppsummering og konklusjon

Målet med dramatikk og andre planlagde framføringar er å fortelje historier. Føremålet er å treffe publikum ved å engasjere eller provosere, formidle tankar og kjensler, eller ved å skape ei stemning eller spenning. Det er stor forskjell på formidlinga i radio og tv. Når publikum kan bruke auga, har ein mange fleire verkemiddel tilgjengeleg, samanlikna med radioen der ein berre har lyd. Det er difor viktig å vere medviten om korleis ein best får fram det ein ynskjer å formidle. Språket blir dermed eit viktig verktøy for å få dette til.

Språket i dramatikk er eit interessant studieobjekt, nettopp fordi det er fiksjon, og ein på den måten har moglegheita til å bestemme korleis karakterane skal snakke, og dermed har fridomen til å velje den varietetten ein ynskjer sjølv. Språket vi høyrer i radio, på tv og film når ut til mange, og har dermed stor påverknadskraft. Med språkformidling følgjer også haldningar som blir oppretthaldne, forsterka eller utfordra. Målet med denne studien har difor vore å undersøkje kva funksjonar bruken av ulike varietetar har i dramatikk, kvifor desse blir valde i ulike samanhengar, og kva dette kan fortelje oss om språkhaldningar og språkideologi ut frå forskjellige teoretiske innfallsvinklar.

Bruken av ulike varietetar i dramatisk språk har mange ulike funksjonar. Det er både praktiske, realistiske, kunstnariske, og ideologiske årsaker som ligg bak dei forskjellige språkvala. Ofte er det dei praktiske årsakene som blir avgjerande når ein skal velje språkleg uttrykk. Ulike geolektar blir nytta for å skilje figurar frå kvarandre, noko som spesielt er viktig for lyttaroppfatninga i radio. Geolektar, sosiolektar og etnolektar bli nytta til å signalisere tilhørsle til ein geografisk stad eller ei bestemt gruppe på ein så realistisk måte som mogleg.

Ein kan sjå på språket som eit kunstnarisk verkemiddel ved å bruke varietetar for å markere avstand til realismen, og for å byggje karakterar. Då kan ein både nytte seg av stereotypiane som er tilgjengelege, eller så kan ein velje å vri på desse. Dette er derimot ikkje uproblematisk, og bruken av språklege stereotypiar er ikkje eintydig negativ eller positiv. Slike oppfatningar er ein ressurs når ein har avgrensa tid til å presentere ein karakter, og må – i løpet av nokre sekund – formidle mykje informasjon om karakteren. Samstundes er det fare for at dette fører til at fordommane blir bekrefta gjennom språket. Informantane understrekar difor at ein må vere medviten på kva ein gjer. Sjølv om ein kan ha eit ynske om å bryte med

dei språklege stereotypiane, er det ikkje alltid så enkelt å få det til fordi det kan ende opp med å bli eit forvirrande element.

Til slutt ser vi av dei idealistiske og ideologiske grunnane at mange av informantane opplever austnorsk som eit nøytralt og umarkert språkval. Informantane understrekar at det er eit poeng i seg sjølv at publikum skal kunne identifisere seg med karakterane gjennom språket, og representerer dermed ein tankegang om at språket er nært knytt saman med identitet. I tillegg er det eit sterkt ynske om å få fram variasjonen og mangfaldet som finst i det norske språksamfunnet, sjølv om nokre meiner at dette må vere eit hjelpemiddel heller enn eit mål i seg sjølv. På den eine sida ynskjer ein å vise fram mangfaldet, men på den andre sida må ein ta omsyn til praktiske element som tidsavgrensing og tydelegheit. Spørsmålet blir om ein vil vere tydeleg på det ein ynskjer å oppnå, eller om ein vil risikere å forvirre folk ved å nytte seg av andre uvanlege og utradisjonelle varietetar til stereotype karakterar. Dette kjem igjen an på kva det er teksten skal formidle, og korleis ein gjennom språket best kan få overlevert meininga.

Språkbruk i dramatikk er eit stort felt som det ikkje har vore forska så mykje på, og det er mange fleire tema innan språkbruk i dramatikk som hadde vore interessant å undersøkje nærmare. Til dømes kunne ein ha tatt for seg eit eller fleire konkrete stykke og sett på om det var ein samanheng mellom kva varietetar ulike karakterar nytta. Det hadde også vore interessant å intervju skodespelarar om språket som eit verktøy i arbeidet med teksten, og kva funksjonar dei tenkjer bruken av ulike varietetar har. Eit anna interessant spørsmål kunne vere å sjå på språkvala i teater som ikkje er plasserte i Oslo med tanke på standardspørsmålet, kva syn ein har på austnorsk talemål på scenen der, og det å løfte fram geolektane i regionen.

Med språket som verktøy har ein store moglegheiter til å byggje karakterar, understreke poeng og skape ei anna verkelegheit.

Litteraturliste

- Ajzen, I. (2005) *Attitudes, Personality and Behaviour*. Maidenhead, Open University Press.
- Akselberg, G. og Mæhlum, B. (2003) ”Sosiolingvistisk metode” i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 71-86.
- Akselberg, G. (2003) ”Talevariasjon, register og medvit” i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 125-144.
- Ball, P. (1983) ”Stereotypes of Anglo-Saxon and non-Anglo-Saxon accents: some exploratory Australian studies with the matched guise technique” i *Language Sciences* 5/2, 163-183.
- Bourdieu, P. (1977) ”The economics of linguistic exchanges” i *Information sur les sciences sociales* 16/6, 645-668.
- Bourdieu, P. (1991) *Language and Symbolic Power*, Cambridge, Polity Press.
- Bourhis, R. Y. (1997) ”Language Policies and Language Attitudes: La Monde de la Francophonie” i Coupland, N. og Jaworski, A. (red) *Sociolinguistics*, London, Macmillan Press, 306-322.
- Brinkmann, S. og Kvale, S. (2009) *Det kvalitative forskningsintervjuet*, Oslo, Gyldendal Akademisk.
- Bø, O. E. (2013) ”Scenespråk frå då til nå”, i *Språknytt* 1/2013 41. årgang, 24-27.
- Coupland, N. og Jaworski, A. (1997) ”Introduction” i Coupland, N. og Jaworski, A. (red) *Sociolinguistics*, London, Macmillan Press, 1-4.
- Da Silva, E., McLaughlin, M., og Richards, M. (2007) ”Bilingualism and the globalized new economy: the commodification of language and identity” i Heller, M. (red), *Bilingualism: A social approach*, Basingstoke, Palgrave Macmillan, 183-206.
- Deckert, S. K. og Vickers, C. H. (2011) *An Introduction to Sociolinguistics – Society and Identity*, London/New York, Continuum International Publishing Group.
- Edlund, L.-E. (2003) ”Det svenska språklandskapet. De regionala språken och deras ställning i dag – och i morgon” i Akselberg, Bødal og Sandøy (red.) *Nordisk dialektologi*, Oslo, Novus forlag, 11-50.
- Elsbaß, S. (2007) ”Variation and Change in Colloquial (Standard) German – The Atlas zur deutschen Alltagssprache (Ada) Project” i C. Fandrych og R. Salverda (utg.) *Standard, Variation und Sprachwandel in Germanischen Sprachen*, 201-216.

- Garrett, P., Coupland, N. og Williams, A. (1999) "Evaluating dialect in discourse: teachers' and teenagers' responses to young English speakers in Wales" i *Language in Society* 28/3, 321-354.
- Garrett, P. (2010) *Attitudes to language*, Cambridge, Cambridge University Press.
- Garvin, P. L. og Mathiot, M. (1960) "The urbanization of the Guarani language: a problem in language and culture" i Wallace, A. C. (red.) *Men and cultures*, Philadelphia, University of Pennsylvania Press, 783-790.
- Giles, H. (1970) "Evaluative reactions to accents" i *Educational Review* 22, 211-27.
- Giles, H. og Powesland, P. F. (1975) *Speech Style and Social Evaluation*, London/New York, Academic Press.
- Heller, M. (2003) "Globalization, the new economy and the commodification of language and identity" i *Journal of Sociolinguistics* 7/4, 473-492.
- Hernes, R. (2004) "Makta i talemålet" i *Språknytt* 32. Årgang, 3-4, 22-25.
- Hernes, R. (2006) "Feltarbeid og materialeinnsamling" *Talemål i endring? Ein longtudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdommar i Os*. Doktoravhandling, Universitetet i Bergen, 74-92.
- Hodge, R. og Kress, G. (1996) [1993] *Language as Ideology*, London/New York, Routledge.
- Jahr, E. H. og Mæhlum, B. (2009) "Har vi et "standardtalemål" i Norge?", Temahefte om standardtalemål, *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/2009, 3-6.
- Johnstone, B. (2000) *Qualitative Methods in Sociolinguistics*, New York, Oxford University Press.
- Jørgensen, M. W., og Philips, L. (1999) *Diskursanalyse*, Roskilde, Roskilde Universitetsforlag.
- Kristiansen, T. (1997) "Language attitudes in a Danish cinema", i Coupland, N. og Jaworski, A. (red) *Sociolinguistics*, London, Macmillan Press, 291-305.
- Kristiansen, T. (1996) "Språkholdinger og språkpolitikk" i Gregersen Frans, m. fl. *Dansk Sproglære*. Dansk lærerforeningen 1996, 315-337.
- Kulbrandstad, L-A. (2007), "Dialekt og aksentpreget norsk. En språkholdingsstudie", i (Red) Akselberg, G og Myking, J. i *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen*, 115-125.
- Kvangarsnes, G. H. (2006): *Språket i teatret og teatret i språket. Om språkleg identitet ved Det Norske Teatret*, Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, Nr 21.
- Labov, W. (1972) *Sociolinguistic Patterns*, Philadelphia, University of Pennsylvania Press.

Le Page, R. B. og Tabouret-Keller, A. (1985), *Acts of Identity: Creole-based Approaches to Language and Ethnicity*, Cambridge, Cambridge University Press.

Lippi-Green, R. (1997) *English with an Accent. Language, ideology, and discrimination in the United States*, London/New York, Routledge.

Leeman, J. og Modan, G. (2009) "Commodified language in Chinatown: A contextualized approach to linguistic landscape" i *Journal of Sociolinguistics* 13/3, 333-362.

Martin-Jones, M. (2007) "Bilingualism, education and the regulation of access to language resources" i Heller, M. (red.) *Bilingualism: A social approach*, UK, Palgrave Macmillan, 161-182.

Melby, G. (2007) *Dialekt og parykk. En sosiolingvistisk studie av dialektbruk i Team Antonsen*. Mastergradsavhandling i nordisk språkvitenskap, Institutt for nordistikk og naturvitenskap, NTNU.

Mesthrie, R., Swann, J., Deumert, A., og Leap, L., L. (2009) *Introducing Sociolinguistics*, Edinburgh, Edinburgh University Press.

Meyerhoff, M. (2009) *Introduciong Sociolinguistics*. London, Routledge.

Milroy, J. og Milroy, L. (1999) *Authority in Language: Investigating Standard English*, 3. utgåve, London, Routledge.

Mæhlum, B. (2003a): "Innledning" i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 7-12.

Mæhlum, B. (2003b): "Normer" i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 87-103.

Mæhlum, B. (2003c): "Språk og identitet" i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 104-124.

Mæhlum, B. (2009) "Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål" i Jahr, E. H og Mæhlum, B. (red.), Temahefte om standardtalemål, *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 27/1, 7-26.

Nesse, A. (2007) "Radioprogram: en ny mulighet for talemålsforskningen" i *Målbryting* 8, 29-45.

Oppenheim, B. (1982) "An exercise in attitude measurement", i Breakwell, G., Foot, H. og Gimour, R. (red.) *Social Psychology: A Practical Manual*. London, Macmillan Press, 38-56.

Opsahl, T. (2009) "Wolla I swear this is typical for the conversational style of adolescents in multiethnic areas in Oslo" i Gregersen, F. og Røyneland, U. (red.) *Special issue of Nordic Journal of Linguistics*. Sociolinguistics 32/2, 221-244.

Opsahl, T. og Røynealand, U. (2009). "Oslo ungdom – født på solsiden eller i skyggen av standardtalemålet?" i Jahr, E. H og Mæhlum, B. (red.), Temahefte om standardtalemål, *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27/1, 95-119.

Papazian, E. (2012) "Norge – riket uten rikstalemål?" *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 30/1, 20-116.

Pedersen, I. L. (2009) "Standardtalemålets tilblivelse og rolle i Danmark" i Jahr, E. H. og Mæhlum, B. (red.) Temahefte om standardtalemål, *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 27/1, 159-178.

Røynealand, U. (1994) *Når bygdemål møter bymål. Ein individsentrert eksempelstudie av fire sunnmøringer i Oslo*. Upublisert hovedoppgave i nordisk språk, Universitetet i Oslo.

Røynealand, U. (2003a) "Språk og dialekt" i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 13-31.

Røynealand, U. (2003b) "Språk og dialektkontakt" i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 44-70.

Røynealand, U. (2005) *Dialektnivellering, ungdom og identitet, Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Avhandling for graden dr.art. Acta Humaniora nr. 231, Universitetet i Oslo, Unipub.

Røynealand, U. (2009) "Dialects in Norway: catching up with the rest of Europe?" i *International Journal of the Sociology of Language*, 196/197, 7-31.

Sandøy, H. (1996) *Talemål*, Oslo, Novus forlag.

Sandøy, H. (2003) "Språkendring" i Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U. og Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Oslo, Cappelen Forlag, 197-224.

Sandøy, H. (2009). "Standardtalemål? Ja, men...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet" i Jahr, E. H. og Mæhlum, B. (red.), Temahefte om standardtalemål, *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 27/1, 27-48.

Språkteigen 9.9.12. Lasta ned 15.01.13. Tilgjengeleg på: <http://www.nrk.no/podkast/>

Skirbekk, G. (2004) "Språk og makt" i *Språknytt* 32. Årgang, 3-4, 1-3.

Skjekkeland, M. (2010) *Dialektlandet*, Kristiansand, Portal forlag.

Stjernholm, K. (2013) "Oslos sosiolingvistiske utvikling, eller en typologisk framstilling av utviklinga i oslomål" i *Stedet velger ikke deg, du velger et sted. Tre artikler om språk i Oslo*, phd-avhandling, Universitetet i Oslo.

Svendsen, B. A., og Røynealand, U. (2008) "Sociolinguistic approaches to multiethnolect: Language variety and stylistic practice" i *International Journal of Bilingualism*, Vol 12, 1-2, 63-83.

Sønnesyn, J. (2011) *The use of accents in Disney's animated feature films 1995-2009: a sociolinguistic study of the good, the bad and the foreign*, masteroppgåve, Department of Foreign Languages, Universitetet i Bergen.

Thelander, M. (2009) "Svenskt standardspråk som begrepp och fenomen" i Jahr, E. H. og Mæhlum, B. (red.) Temahefte om standardtalemål, *Norsk Lingvistisk tidsskift* 27/1, 179-198.

Thompson, J.B. (1991) "Editor's introduction" i Bourdieu, P. *Language and Symbolic Power*, Cambridge, Polity Press, 1-31.

Trudgill, P. (2002) *Sociolinguistic Variation and Change*. Edinburgh, Edinburgh University Press.

Vikør, L. S. (2009) "Begrepet standardtalemål – forsøk på ei opprydding" i Jahr, E. H. og Mæhlum, B. (red.) Temahefte om standardtalemål, *Norsk Lingvistisk tidsskift* 27/1, 49-66.

Vonen, A. M. (2012) "Språkmangfald er rikdom", publisert i *Aftenposten* 13.11.12. Lasta ned 03.04.13 frå <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Sprakmangfald-er-rikdom-7043612.html#.UVwzMqVc53s>

Informantar:

Lasse Greve Alsos, filmprodusent, 04.12.12

Else Barratt-Due, regissør NRK Radioteatret, 27.11.12

Steinar Berthelsen, regissør NRK Radioteatret, 17.12.12

Gjermund S. Eriksen, manusforfattar NRK Drama, 12.12.12

Carl Henrik Grøndahl, produsent og manusforfattar NRK Radioteatret, 06.12.12

Gunhild Nymoene, dramaturg, NRK Radioteatret, 17.01.13

Nils Stokke, programredaktør NRK Super, 13.12.12, og e-post 03.02.13

Jørgen Strickert, manusforfattar og programleiar i *Hallo i uken*, 05.12.12

Vedlegg

1. Informasjonsskriv til informantane

NRK drama

Dato: desember 2012

Førespurnad om å delta i intervju i samband med masteroppgåve

Eg er masterstudent i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo, og held no på med den avsluttande masteroppgåva. Temaet for oppgåva er språk og språkhaldningar, og korleis ein nyttar språket på ulike måtar i dramatikk, både i filmar, tv-seriar og i høyrespel i radioen. For å finne ut av dette, ynskjer eg å intervju eit utval på 7-8 personar som arbeider med å ta avgjersler om språket i dei ulike produksjonane. Spørsmåla vil dreie seg om språk og korleis ein nyttar ulike sosiolektar og dialektar. Eg vil nytte bandopptakar og ta notatar medan me snakkar saman. Intervjuet vil ta ein halvtime til ein time, og me blir saman einige om tid og stad.

Dersom du har lyst å vere med på intervjuet, fyller du ut den vedlagte samtykkeerklæringa og leverer den til meg. Dersom det er noko du lurar på, kan du ringe til meg, eller sende e-post til eliseser@student.iln.uio.no. Du kan også kontakte rettleiaren min: førsteamanuensis Unn Røyneland ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, på e-post unn.royneland@iln.uio.no.

Alle opplysningar vil bli behandla konfidensielt. Dersom du ynskjer å vere anonym, vil du ikkje kunne bli gjenkjent i den ferdige oppgåva. Synest du derimot det er greitt at du blir referert til med anten yrkestittel og arbeidsstad, eller med fullt namn, fyller du ut dette i skjemaet under.

Det er sjølvsagt frivillig å vere med, og du har også høve til å trekkje deg når som helst undervegs, utan nærmare grunngjeving. Dersom du trekkjer deg, vil alt innsamla materiale om deg bli sletta.

Alle lydopptaka blir sletta når oppgåva er ferdig i mai 2013.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Beste helsing,

Elise Sundfør Erdal

[kontaktinformasjon]

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt skriftleg informasjon, og er villig til å delta i studien.

Set ring rundt det som passar:

Eg vil vere heilt anonym

Det er greitt å referere til arbeidsplass og yrkestittel

Eg kan bli nemnd med fullt namn

Signatur

Telefonnummer

2. Intervjuguide

1. Korleis jobbar de språkleg med manuset før opptak?
2. Har de noko form for språkpolitikk eller retningslinjer de må ta omsyn til med val av språkleg uttrykk?
3. Har du eksempel på kva funksjon bruken av ulike dialektar/sosiolektar (og eventuelt etnolektar) kan ha i dramatikk?
4. Har du eksempel på ulike karakterar som snakkar ulikt i eit stykke – og kvifor blei det slik?
5. Kva omsyn blir tatt med tanke på realismen i historia?
6. Kva praktiske omsyn tar de med val av dialekt/sosiolekt?
7. Har du eksempel på visse karaktertrekk eller ulike poeng som har kome fram ut frå korleis ein person snakkar?
8. Korleis kan dialekten/sosiolekten vere med på å byggje opp ein karakter?
9. Er det nokre dialektar/sosiolektar som går igjen når det er visse karaktertrekk de ynskjer å få fram? Kvifor?
10. Kva tenkjer du om å bruke visse dialektar/sosiolektar til stereotypiske karakterar?
11. Kva tenkjer du om mangfald av ulike varietetar?
12. Kan ein varietet (dialekt, sosiolekt, etnolekt) vere med å heve kvaliteten i eit stykke (til dømes gjere handlinga meir realistisk?)
13. Kva tenkjer du om den rolla høyrespelet/tv-serien har som språkformidlar?
14. Er det andre funksjonar val av språkleg uttrykk har i eit høyrespel/tv-serie?